

**KOMMISJONSAVGJERD (EU) 2017/175****2019/EØS/42/07**

av 25. januar 2017

**om fastsetjing av kriteria for tildeling av EU-miljømerket til overnattingsstader**

[meld under nummeret K(2017) 299](\*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010 av 25. november 2009 om EU-miljømerket<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 8 nr. 2,

etter samråd med Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I medhald av forordning (EF) nr. 66/2010 kan EU-miljømerket tildelast tenester som har ein redusert miljøverknad gjennom heile livssyklusen sin.
- 2) Ved forordning (EF) nr. 66/2010 vart det fastsett at det skal innførast særlege kriterium for tildeling av EU-miljømerket for kvar produktgruppe.
- 3) Ved kommisjonsvedtak 2009/564/EF<sup>(2)</sup> og kommisjonsvedtak 2009/578/EF<sup>(3)</sup> vart det innført miljøkriterium og tilhøyrande krav til vurdering og kontroll for høvesvis campingplasstenester og overnattingstenester, som skal gjelde fram til 31. desember 2016.
- 4) For å betre spegle av fellestrekk til campingplasstenester og overnattingstenester og for å oppnå synergjar gjennom ei felles tilnærming for desse produktgruppene og sikre så effektiv forvaltning av kriteria som råd, er det føremålstenleg å slå saman begge produktgruppene til éi produktgruppe med namnet «overnattingsstader».
- 5) Dei reviderte kriteria tek sikte på å fremje bruken av fornybare energikjelder, spare energi og vatn, redusere avfall og betre det lokale miljøet. Dei reviderte kriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll bør gjelde i eit tidsrom på fem år frå datoen då det vart gjeve melding om denne avgjerda, samstundes som det vert teke omsyn til innovasjonssyklusen til denne produktgruppa.

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 28 av 2.2.2017, s. 9, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 108/2017 av 13. juni 2017 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 37 av 7.6.2018, s. 7.

<sup>(1)</sup> TEU L 27 av 30.1.2010, s. 1.

<sup>(2)</sup> Kommisjonsvedtak 2009/564/EF av 9. juli 2009 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til campingplasstenester (TEU L 196 av 28.7.2009, s. 36).

<sup>(3)</sup> Kommisjonsvedtak 2009/578/EF av 9. juli 2009 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til overnattingsstenester (TEU L 198 av 30.7.2009, s. 57).

- 6) Kvar produktgruppe har ein kode som inngår i registreringsnummeret til EU-miljømerket. For at dei rette organa skal kunne tildele eit registreringsnummer til overnattingsstader som oppfyller EU-miljømerkekriteria, må produktgruppa få tildelt eit kodenummer.
- 7) Vedtak 2009/564/EF og 2009/578/EF bør difor opphevast.
- 8) Det bør innførast ein overgangsperiode for søkjarar som har fått tildelt EU-miljømerket for campingplasstenester eller overnattingsstenester på grunnlag av dei kriteria som er fastsette i høvesvis vedtak 2009/564/EF og 2009/578/EF, slik at dei får nok tid til å kunne tilpasse produktet sitt til å verte i samsvar med dei reviderte kriteria og krava. Søkjarar bør òg kunne sende inn søknader på grunnlag av dei miljøkriteria som er fastsette i vedtak 2009/564/EF og 2009/578/EF, i eit tilstrekkeleg langt tidsrom.
- 9) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 16 i forordning (EF) nr. 66/2010 —

TEKE DENNE AVGJERDA:

#### *Artikkel 1*

1. Produktgruppa «overnattingsstader» skal omfatte yting av overnattingsstenester og campingplasstenester og dei følgjande tilleggstenestene som vert ytte i samband med overnattingsstaden:

- 1) Måltid.
  - 2) Fritids- eller treningsfasilitetar.
  - 3) Grøntområde.
  - 4) Lokale til særskilde arrangement, til dømes forretningskonferansar, møte eller kurs.
  - 5) Sanitæranlegg, vaske- og matlagingsrom eller informasjonstenester til felles bruk for campingturistar, reisande og overnattingsgjester.
2. Transporttenester og forlystingsreiser kjem ikkje inn under produktgruppa «overnattingsstader».

#### *Artikkel 2*

I denne avgjerda tyder:

- 1) «overnattingsstenester» eit tilbod, mot vederlag, om innandørs overnatting i rom som minst er utstyrte med ei seng, og som har eige eller felles sanitæranlegg, til turistar, reisande og overnattingsgjester,
- 2) «campingplasstenester» eit tilbod, mot vederlag, om plassar som er tilpassa følgjande: telt, campingvogner, husvogner, campingbilar, campinghytter og husvære til utleige, og som har eige eller felles sanitæranlegg, til turistar, reisande og overnattingsgjester,
- 3) «måltid» frukost eller andre måltid,
- 4) «fritids- eller treningsfasilitetar» badstover, symjebasseng, sportsanlegg og velværesenter som er tilgjengelege for gjester eller andre personar, eller begge,
- 5) «grøntområde» parkar, hagar eller andre utandørsområde som er opne for turistar, reisande og overnattingsgjester.

### Artikkel 3

For å kunne få tildelt EU-miljømerket i medhald av forordning (EF) nr. 66/2010 må ein overnattingsstad høyre inn under produktgruppa «overnattingsstader» slik det er definert i artikkel 1 i denne avgjerda, og oppfylle alle dei følgjande krava og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som er fastsette i vedlegget til denne avgjerda:

- a) Han må oppfylle alle dei kriteria som er fastsette i avsnitt A i vedlegget til denne avgjerda.
- b) Han må oppfylle tilstrekkeleg mange av dei kriteria som er fastsette i avsnitt B i vedlegget til denne avgjerda, for å oppnå det poengtalet som krevst i medhald av artikkel 4 og 5.

### Artikkel 4

1. For føremåla med artikkel 3 bokstav b) må overnattingstenester oppnå minst 20 poeng.
2. Det minste poengtalet som krevst i medhald av nr. 1, vert auka med følgjande:
  - a) Tre poeng dersom forvaltaren eller eigaren av overnattingstenesta serverer måltid.
  - b) Tre poeng dersom forvaltaren eller eigaren av overnattingstenesta gjer grøntområde tilgjengelege for gjester.
  - c) Tre poeng dersom forvaltaren eller eigaren av overnattingstenesta tilbyr fritids- eller treningsfasilitetar, eller fem poeng dersom desse fritids- eller treningsfasilitetane omfattar eit velværesenter som òg er tilgjengeleg for andre enn gjester.

### Artikkel 5

1. For føremåla med artikkel 3 bokstav b) må campingplasstenester oppnå minst 20 poeng, eller 24 poeng dersom det er finst tilbod om felles tenester.
2. Det minstekravet som er fastsett i nr. 1, vert auka med følgjande:
  - a) Tre poeng dersom forvaltaren eller eigaren av campingplasstenesta serverer måltid.
  - b) Tre poeng dersom forvaltaren eller eigaren av campingplasstenesta gjer grøntområde tilgjengelege for gjester.
  - c) Tre poeng dersom forvaltaren eller eigaren av campingplasstenesta tilbyr fritids- eller treningsfasilitetar, eller fem poeng dersom desse fritids- eller treningsfasilitetane omfattar eit velværesenter som òg er tilgjengeleg for andre enn gjester.

### Artikkel 6

Kriteria for tildeling av EU-miljømerket til produktgruppa «overnattingsstader» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde i fem år frå datoen då det vart gjeve melding om denne avgjerda.

### Artikkel 7

For administrative føremål vert produktgruppa «overnattingsstader» tildelt kodennummeret «051».

### Artikkel 8

Vedtak 2009/564/EF og 2009/578/EF vert oppheva.

### Artikkel 9

Som eit unntak frå artikkel 8 kan søknader om tildeling av EU-miljømerket til produkt som er omfatta av produktgruppene «overnattingstenester» eller «campingplasstenester», som er sende inn seinast to månader etter datoen då det vart gjeve melding om denne avgjerda, byggje på dei kriteria som er fastsette i vedtak 2009/578/EF eller 2009/564/EF, eller dei kriteria som er fastsette i denne avgjerda.

EU-miljømerkisensar som er tildelte i samsvar med dei kriteria som er fastsette i vedtak 2009/564/EF eller 2009/578/EF, kan nyttast i 20 månader frå datoen då det vart gjeve melding om denne avgjerda.

*Artikkel 10*

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel 25. januar 2017.

*For Kommissjonen*

Karmenu VELLA

*Medlem av Kommissjonen*

---

## VEDLEGG

## MÅLSETJING

**KRITERIUM FOR EU-MILJØMERKET**

Kriterium for tildeling av EU-miljømerket til overnattingssteder:

**Obligatoriske kriterium***Allmenne forvaltingskriterium*

Kriterium 1. Grunnlag for ei miljøstyringsordning

Kriterium 2. Opplæring av personale

Kriterium 3. Informasjon til gjestene

Kriterium 4. Generelt vedlikehold

Kriterium 5. Overvaking av forbruk

*Kriterium for energi*

Kriterium 6. Energieffektive romoppvarmingsanlegg og vassvarmarar

Kriterium 7. Energieffektive klimaanlegg og luftbaserte varmepumper

Kriterium 8. Energieffektiv lysgjeving

Kriterium 9. Temperaturregulering

Kriterium 10. Automatisk avstenging av oppvarming, ventilasjon og luftkondisjonering (HVAC) og lysgjeving

Kriterium 11. Utandørs varme- og klimaanlegg

Kriterium 12. Kjøp av elektrisk kraft frå ein leverandør som nyttar fornybare energikjelder

Kriterium 13. Kol og fyringsoljer

*Kriterium for vatn*

Kriterium 14. Effektive vassarmaturar: baderomsarmaturar og dusjar

Kriterium 15. Effektive vassarmaturar: klosett og urinal

Kriterium 16. Mindre tekstilvask gjennom ombruk av handkle og sengetøy

*Kriterium for avfall og spillvatn*

Kriterium 17. Avfallsførebygging: plan for reduksjon av matavfall

Kriterium 18. Avfallsførebygging: eingongsartiklar

Kriterium 19. Avfallssortering og levering til attvinning

*Andre kriterium*

Kriterium 20. Røykjeforbod i fellesområde

Kriterium 21. Fremjing av miljøvenlege transportmiddel

Kriterium 22. Opplysningar på EU-miljømerket

**Valfrie kriterium***Allmenne forvaltingskriterium*

Kriterium 23. EMAS-registrering eller ISO-sertifisering av overnattingsstaden (opp til 5 poeng)

Kriterium 24. EMAS-registrering eller ISO-sertifisering av leverandører (opp til 5 poeng)

Kriterium 25. Miljømerkte tenester (opp til 4 poeng)

Kriterium 26. Informasjon og opplæring om miljø- og samfunnstillhøve (opp til 2 poeng)

Kriterium 27. Overvaking av forbruk: energi- og vassmålingar (opp til 2 poeng)

*Kriterium for energi*

Kriterium 28. Energieffektive romoppvarmingsanlegg og vassvarmarar (opp til 3 poeng)

Kriterium 29. Energieffektive klimaanlegg og luftbaserte varmepumper (opp til 3,5 poeng)

Kriterium 30. Luftbaserte varmepumper med opp til 100 kW varmelyting (3 poeng)

Kriterium 31. Energieffektive hushaldsapparat og energieffektiv lysgjeving (opp til 4 poeng)

Kriterium 32. Varmeattvinning (opp til 3 poeng)

Kriterium 33. Temperaturregulering og isolering av vindauge (opp til 4 poeng)

Kriterium 34. Automatisk avstenging av apparat/innretningar (opp til 4,5 poeng)

Kriterium 35. Fjernvarme/fjernkjøling og kjøling frå kraftvarme (opp til 4 poeng)

Kriterium 36. Elektriske handtørkarar med avstandssensor (1 poeng)

Kriterium 37. Utslepp frå anlegg for romoppvarming (1,5 poeng)

Kriterium 38. Kjøp av elektrisk kraft frå ein leverandør som nyttar fornybare energikjelder (opp til 4 poeng)

Kriterium 39. Eigenproduksjon på staden av elektrisk kraft frå fornybare energikjelder (opp til 5 poeng)

Kriterium 40. Varmeenergi frå fornybare energikjelder (opp til 3,5 poeng)

Kriterium 41. Oppvarming av symjebasseng (opp til 1,5 poeng)

*Kriterium for vatn*

Kriterium 42. Effektive vassarmaturar: baderomsarmaturar og dusjar (opp til 4 poeng)

Kriterium 43. Effektive vassarmaturar: klosett og urinal (opp til 4,5 poeng)

Kriterium 44. Vassforbruket til oppvaskmaskiner (2,5 poeng)

Kriterium 45. Vassforbruket til vaskemaskiner (3 poeng)

Kriterium 46. Opplysningar om hardt vatn (opp til 1,5 poeng)

Kriterium 47. Optimert ettersyn av symjebasseng (opp til 2,5 poeng)

Kriterium 48. Resirkulering av regnvatn og gråvatn (opp til 3 poeng)

Kriterium 49. Effektiv vatning (1,5 poeng)

Kriterium 50. Lokalt heimehøyrande eller ikkje-invaderande framande artar til planting utandørs (opp til 2 poeng)

*Kriterium for avfall og spillvatn*

- Kriterium 51. Papirprodukt (opp til 2 poeng)
- Kriterium 52. Varige varer (opp til 4 poeng)
- Kriterium 53. Tilbod av drikkar (2 poeng)
- Kriterium 54. Innkjøp av vaske-, reingjerings- og oppvaskmiddel og toalettartiklar (opp til 2 poeng)
- Kriterium 55. Minimering av bruken av reingjeringsmiddel (1,5 poeng)
- Kriterium 56. Avising (1 poeng)
- Kriterium 57. Brukte tekstilar og møblar (opp til 2 poeng)
- Kriterium 58. Kompostering (opp til 2 poeng)
- Kriterium 59. Reinsing av spillvatn (opp til 3 poeng)

*Andre kriterium*

- Kriterium 60. Røykjeforbod på romma (1 poeng)
- Kriterium 61. Velferdsplan (opp til 2 poeng)
- Kriterium 62. Køyretøy til vedlikehald (1 poeng)
- Kriterium 63. Tilbod om miljøvenlege transportmiddel (opp til 2,5 poeng)
- Kriterium 64. Overflater utan dekke (1 poeng)
- Kriterium 65. Lokale og økologiske produkt (opp til 4 poeng)
- Kriterium 66. Unngå bruk av pesticid (2 poeng)
- Kriterium 67. Andre miljøtiltak og sosiale tiltak (opp til 3 poeng)

**VURDERING OG KONTROLL**

Dei særlege krava til vurdering og kontroll er oppførte under kvart kriterium i avsnitt A og B.

Når søkjaren skal leggje fram fråsegnar, dokumentasjon, analysar, prøvingsrapportar eller andre prov som stadfestar at produktet oppfyller kriteria, kan desse kome frå søkjaren sjølv eller frå leverandøren eller leverandørane til søkjaren osv., alt etter korleis det høver.

Dei rette organa skal først og fremst godkjenne attestar som er utferda av organ som er akkrediterte i samsvar med den relevante harmoniserte standarden for prøvings- og kalibreringslaboratorium, og kontrollar utførte av organ som er akkrediterte i samsvar med den relevante harmoniserte standarden for organ som sertifiserer produkt, framgangsmåtar og tenester. Akkrediteringa skal gjennomførast i samsvar med føresegnene i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 765/2008<sup>(1)</sup>.

Opplysningar som er henta frå miljøfråsegnene som er sende inn i samband med EU-ordninga for miljøstyring og miljørevisjon<sup>(2)</sup> (EMAS), vert rekna som likeverdige med dei attestane som er nemnde i det førre leddet.

Det kan eventuelt nyttast andre prøvingsmetodar enn dei som er oppførte under kvart kriterium, dersom det rette organet som vurderer søknaden, meiner at dei er jamgode.

<sup>(1)</sup> Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 765/2008 av 9. juli 2008 om fastsettelse av kravene til akkreditering og markedsstilsyn for markedsføring av produkter, og om oppheving av forordning (EØF) nr. 339/93 (TEU L 218 av 13.8.2008, s. 30).

<sup>(2)</sup> Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1221/2009 av 25. november 2009 om frivillig deltaking for organisasjonar i ei fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS), og om oppheving av forordning (EF) nr. 761/2001 og kommisjonsvedtak 2001/681/EF og 2006/193/EF (TEU L 342 av 22.12.2009, s. 1).

Om naudsynt kan dei rette organa krevje utfyllande dokumentasjon og utføre uavhengige kontrollar.

Dei rette organa skal vitje staden før dei tildeler EU-miljømerkelisensen, og dei kan følgje opp med jamlege oppfølgingsvitjingar i løpet av den perioden som miljømerket er tildelt for.

Det er ein føresetnad at tenestene oppfyller alle lovfesta krav i staten eller statane der overnattingsstaden ligg. Særleg skal følgjande sikrast:

1. Den fysiske bygninga skal oppfylle EU-regelverket og nasjonale og lokale lover og forskrifter med omsyn til energieffektivitet, varmeisolasjon, vasskjelder, reinsing av vatn og slutthandsaming av spillvatn (medrekna kjemikalieklosett), innsamling og slutthandsaming av avfall, vedlikehald og reparasjon av utstyr, tryggleik og helse, og alle relevante lover eller forskrifter for området med omsyn til vern av landskap og biologisk mangfald.
2. Føretaket skal vere verksamt og registrert i samsvar med nasjonale eller lokale lover, og personalet til føretaket skal vere tilsette og forsikra på lovleg måte. For dette føremålet skal personalet ha ei skriftleg kontrakt som er i samsvar med nasjonal lovgjeving, dei skal minst få den nasjonale eller regionale minsteløna som er fastsett ved tariffavtaler (dersom det ikkje finst tariffavtaler, skal personalet minst få den lovpålagde nasjonale eller regionale minsteløna), og dei skal ha ei arbeidstid som er i samsvar med nasjonal lovgjeving.

Søkjaren skal stadfeste og vise at tenesta oppfyller desse krava gjennom uavhengige kontrollar eller dokumentasjon, utan at det rører ved nasjonal personvernlovgjeving (t.d. byggjeløyve, fråsegner frå faglærde teknikarar om korleis nasjonal lovgjeving og lokale forskrifter i samband med dei førnemnde bygningsaspekta vert etterlevde, kopi av ein skriftleg velferdsplan, kopiar av kontraktar, fråsegner om at dei tilsette er registrerte i det nasjonale sosialforsikringssystemet, offisiell dokumentasjon/registerutskrift med namn og tal på tilsette, utferda av arbeidstilsynet hjå dei lokale styresmaktene eller ein representant for dette tilsynet). Vidare kan det utførast direkteintervju med tilfeldig utvalde tilsette i samband med vitjingar på staden.

#### AVSNITT A

#### KRITERIUM SOM ER NEMNDE I ARTIKKEL 3 BOKSTAV a)

#### ALLMENN FORVALTING

#### Kriterium 1. Grunnlag for ei miljøstyringsordning

Overnattingsstaden skal leggje grunnlaget for ei miljøstyringsordning ved å innføre følgjande prosessar:

- Ein **miljøpolitikk** som peikar ut dei mest relevante miljøaspekta for overnattingsstaden med omsyn til energi, vatn og avfall.
- Eit detaljert **handlingsprogram** som skal fastsetjast minst annakvart år med omsyn til miljøprestasjonsmål for dei utpeikte miljøaspekta, samstundes som det vert teke omsyn til dei krava som er fastsette i denne avgjerda om EU-miljømerket.

Dersom dei utpeikte miljøaspekta ikkje vert handsama innanfor ramma av dette EU-miljømerket, bør måla helst byggje på dei indikatorane for miljøprestasjon og dei standardverdiane for referansemåling av beste kvalitet som er fastsette i referansedokumentet om beste miljøstyringspraksis for turistsektoren<sup>(1)</sup> (EMAS),

- Ein **intern evalueringsprosess** som gjer det mogleg å kontrollere prestasjonane til verksemda minst ein gong i året med omsyn til dei måla som er definerte i handlingsprogrammet, og iverksetjing av korrigerande tiltak dersom det trengst.

<sup>(1)</sup> Kommisjonsbeslutning (EU) 2016/611 av 15. april 2016 om referansedokumentet om beste miljøstyringspraksis, sektorspesifikke indikatorer for miljøprestasjon og standardverdier for referansemåling av beste kvalitet for turistsektoren i henhold til forordning (EF) nr. 1221/2009 om frivillig deltaking for organisasjonar i ei fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS) (TEU L 104 av 20.4.2016, s. 27).



Opplysningar om dei prosessane som er nemnde i det førre leddet, skal vere tilgjengelege for gjester og personale.

Kommentarar og tilbakemeldingar frå gjester som er samla inn ved det spørjeskjemaet som er nemnt i kriterium 3, skal evaluerast i den interne evalueringsprosessen og i handlingsprogrammet, dersom det er naudsynt.

#### *Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med

- ein kopi av miljøpolitikken,
- handlingsprogrammet og
- evalueringsrapporten, som skal gjerast tilgjengeleg for det rette organet innan to år etter at søknaden vart sendt inn, og ajourførast annakvart år.

Søklarar som er registrerte i EMAS eller sertifiserte etter ISO 14001, skal reknast for å oppfylle krava. I så fall skal ISO 14001-sertifikatet eller EMAS-registreringa leggjast fram som prov. Når det gjeld ISO 14001-sertifisering, skal det saman med søknaden leggjast ved ein rapport som samanfattar prestasjonane med omsyn til dei måla som er definerte i handlingsprogrammet.

### **Kriterium 2. Opplæring av personale**

- a) Overnattingsstaden skal gje personalet (øg innleigd eksternt personale) informasjon og opplæring, medrekna skriftlege framgangsmåtar eller handbøker, for å sikre at miljøtiltaka vert gjennomførte, og for å auke medvitet om ansvarleg åtfærd når det gjeld miljøet i samsvar med dei obligatoriske og dei relevante valfrie kriteria for dette EU-miljømerket. Særleg følgjande aspekt skal inngå i opplæringa av personalet:
  - i) Miljøpolitikken og handlingsplanen til overnattingsstaden og medvit om EU-miljømerket for overnattingsstader.
  - ii) Energisparingstiltak i samband med lysgjeving, klimaanlegg og oppvarming når personalet forlèt rommet eller vindauge vert opna.
  - iii) Vassparingstiltak i samband med lekkasjekontroll, vatning, kor ofte sengetøy og handkle vert bytte, og framgangsmåten for tilbakespyling av symjebasseng.
  - iv) Tiltak for å minimere bruken av kjemikalier i produkt til reingjering, oppvask, desinfisering, tekstilvask og andre spesielle typar reingjering (t.d. tilbakespyling av symjebasseng), som berre skal nyttast der det er naudsynt. Dersom informasjon om dosering er tilgjengeleg, skal desse produkta doserast slik det står på emballasjen eller slik produsenten tilrår.
  - v) Avfallsreduerings- og avfallssorteringstiltak i samband med eingongsartiklar og avfallskategoriar.
  - vi) Tilgang til miljøvenlege transportmiddel for personalet.
  - vii) Den relevante informasjonen som personalet skal gje gjestene i samsvar med kriterium 3.
- b) Det skal gjevast høveleg opplæring til alt nytt personale innan fire veker frå tilsetjinga, og ei oppfrisking av dei førnemnde aspekta for resten av personalet minst éin gong i året.

#### *Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med nærmare opplysningar om opplæringsprogrammet, innhaldet og kva personale som har fått kva slags opplæring og til kva tid. Datoar og typar opplæring av personale skal registrerast som prov på at oppfriskinga har funne stad.

**Kriterium 3. Informasjon til gjestene**

- a) Overnattingsstaden skal òg syte for informasjon til gjestene for å sikre at miljøtiltaka vert gjennomførte, og for å auke medvitet om ansvarleg åtferd når det gjeld miljøet i samsvar med dei obligatoriske og dei relevante valfrie kriteria for dette EU-miljømerket. Denne informasjonen skal gjevast aktivt til gjestene, munnleg eller skriftleg, i resepsjonen eller på rommet, og skal særleg innehalde følgjande aspekt:
- i) Miljøpolitikken til overnattingsstaden og medvit om EU-miljømerket for overnattingsstader.
  - ii) Energisparingstiltak i samband med lysgjeving, klimaanlegg og oppvarming når gjestene forlèt rommet eller vindauge vert opna.
  - iii) Vassparingstiltak i samband med lekkasjekontroll og kor ofte sengetøy og handkle vert bytte.
  - iv) Avfallsreduerings- og avfallssorteringstiltak i samband med eingongsartiklar, avfallskategoriar og artiklar som ikkje skal kastast ut med spillvatnet. I tillegg skal det vere eit oppslag eller anna informasjonsmaterieil i frukost- eller matsalar med råd om korleis ein kan redusere matavfall.
  - v) Tilgang til miljøvenlege transportmiddel for gjestene.
  - vi) Overnattingsstaden skal syte for at gjestene får informasjon om lokale turistmål, omvisarar, restaurantar, marknader og lokalt handverk.
- b) Gjестene skal få eit skjema via internett eller på staden med spørsmål om kva dei synest om dei generelle miljøaspekta til overnattingsstaden, som er oppførte under bokstav a), og om dei generelt sett er nøgde med fasilitetane og tenestene til overnattingsstaden. Det skal vere på plass ein klar framgangsmåte for å registrere kommentarar og klager frå gjestene, kva svar som er gjevne, og kva korrigerande tiltak som er sette i verk.

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med kopiar av informasjonen til gjestene. Søkjaren skal opplyse om framgangsmåtane for utdeling og innsamling av informasjonen og spørjeskjemaet og korleis det vert teke omsyn til svara.

**Kriterium 4. Generelt vedlikehald**

Førebyggjande vedlikehald av apparat/innretningar skal gjerast minst ein gong i året eller oftare dersom lovgjevinga eller rettleiinga frå produsenten krev det. Vedlikehaldet skal omfatte undersøking av eventuelle lekkasjar og kontroll av at, som eit minimum, utstyr som nyttar energi (t.d. anlegg for oppvarming, ventilasjon og luftkondisjonering (HVAC), kjølesystem osv.) og vatn (t.d. sanitærarmaturar, vatningsanlegg osv.), skal verke på ein tilfredsstillande måte på overnattingsstaden.

Apparat som nyttar kjølemiddel som er omfatta av europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 517/2014<sup>(1)</sup>, skal kontrollerast og vedlikehaldast på følgjande måte:

- a) For utstyr som inneheld fluorhaldige klimagassar i ei mengd på 5 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar eller meir, men mindre enn 50 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar: minst kvar 12. månad, eller dersom det er installert eit lekkasjepåvisingssystem: minst kvar 24. månad.
- b) For utstyr som inneheld fluorhaldige klimagassar i ei mengd på 50 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar eller meir, men mindre enn 500 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar: minst kvar 6. månad, eller dersom det er installert eit lekkasjepåvisingssystem: minst kvar 12. månad.
- c) For utstyr som inneheld fluorhaldige klimagassar i ei mengd på 500 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar eller meir: minst kvar 3. månad, eller dersom det er installert eit lekkasjepåvisingssystem: minst kvar 6. månad.

All vedlikehaldsverksemd skal registrerast i eit særskilt vedlikehaldsregister, og det skal opplysast om cirka kor mykje vatn som lek frå vassforsyningssystemet.

<sup>(1)</sup> Europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 517/2014 av 16. april 2014 om fluorholdige klimagassar og om oppheving av forordning (EF) nr. 842/2006 (TEU L 150 av 20.5.2014, s. 195).

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med ei kort utgreiing om vedlikehaldsprogrammet, opplysningar om dei personane eller føretaka som utfører vedlikehaldet, og vedlikehaldsregisteret.

**Kriterium 5. Overvaking av forbruk**

Overnattingsstaden skal ha framgangsmåtar for månadleg eller minst årleg innsamling og overvaking av opplysningar om minst dei følgjande aspekta:

- a) Spesifikt energiforbruk (kWh/overnattingsdøgn og/eller kWh/m<sup>2</sup> (innandørsareal) per år).
- b) Prosentdelen av sluttforbruket av energi som kjem frå fornybar energi produsert på staden (%).
- c) Vassforbruk per overnattingsdøgn (liter/overnattingsdøgn), medrekna vatn som vert nytta til vatning (dersom det er relevant), og til andre aktivitetar der det vert nytta vatn.
- d) Avfallsproduksjon per overnattingsdøgn (kg/overnattingsdøgn). Matavfall skal overvakast separat<sup>(1)</sup>.
- e) Forbruk av kjemikalier i produkt til reingjering, oppvask, tekstilvask, desinfisering og andre spesielle typar reingjering (t.d. tilbakespyling av symjebasseng) (kg eller liter/overnattingsdøgn), med opplysning om dei er bruksferdige eller ufortynna.
- f) Prosentdel av produkt med ISO type I-merke (%) som vert nytta innanfor ramma av dei relevante valfrie kriteria i denne avgjerda om EU-miljømerket.

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med ei utgreiing om framgangsmåtane for innsamling og overvaking. Overnattingsstaden skal leggje fram eit kort samandrag av dei opplysningane som er samla inn om dei forbruksparametrane som er nemnde ovanfor, saman med den interne evalueringsrapporten som er nemnd i kriterium 1, som skal gjerast tilgjengeleg for det rette organet innan to år etter at søknaden vart sendt inn, og deretter annakvart år.

## ENERGI

**Kriterium 6. Energieffektive romoppvarmingsanlegg og vassvarmarar**

- a) Vassbaserte romoppvarmingsanlegg som er installerte i den perioden som EU-miljømerkisensen gjeld for, skal
  - i) vere høgeffektive kraftvarmeverk slik det er definert i europaparlaments- og rådsdirektiv 2012/27/EU<sup>(2)</sup>, eller
  - ii) ha ein sesongavhengig energieffektivitet ved romoppvarming og/eller grenseverdiar for klimagassutslepp i samsvar med verdiane i dei følgjande tabellane, utrekna i samsvar med kommisjonsavgjerd 2014/314/EU<sup>(3)</sup>:

Type vassbasert romoppvarmingsanlegg	Effektivitetsindikator
Alle anlegg for romoppvarming bortsett frå varmeanlegg med kjel fyrt med fast biomassebrensel og varmeanlegg med varmepumpe	<i>Minste sesongavhengige energieffektivitet ved romoppvarming</i> ( $\eta_s$ ) $\geq$ 98 %
Varmeanlegg med kjel fyrt med fast biomassebrensel	<i>Minste sesongavhengige energieffektivitet ved romoppvarming</i> ( $\eta_s$ ) $\geq$ 79 %

<sup>(1)</sup> Gjeld dersom det vert servert måltid og dei lokale avfallshandteringsanlegga tillèt separat innsamling av organisk avfall.

<sup>(2)</sup> Europaparlaments- og rådsdirektiv 2012/27/EU av 25. oktober 2012 om energieffektivitet, om endring av direktiv 2009/125/EF og 2010/30/EU og om oppheving av direktiv 2004/8/EF og 2006/32/EF (TEU L 315 av 14.11.2012, s. 1).

<sup>(3)</sup> Kommisjonsbeslutning 2014/314/EU av 28. mai 2014 om fastsettelse av kriterier for tildeling av EU-miljømerket til vannbaserte varmeanlegg (TEU L 164 av 3.6.2014, s. 83).

Type vassbasert romoppvarmingsanlegg	Effektivitetsindikator
Varmeanlegg med varmepumpe (det er to alternativ for varmepumper som nyttar kjølemiddel med potensial for global oppvarming (GWP) $\leq 2\,000$ , alternativ 2 er obligatorisk for varmepumper som nyttar kjølemiddel med GWP $\leq 2\,000$ )	<b>Alternativ 1</b> — <i>Minste sesongavhengige energieffektivitet ved romoppvarming/GWP-verdiar for kjølemiddelet</i>
	$\eta_s \geq 107\%/[0-500]$ $\eta_s \geq 110\%/(500-1\,000)$ $\eta_s \geq 120\%/(1\,000-2\,000)$ $\eta_s \geq 130\%/> 2\,000$
	<b>Alternativ 2</b> — <i>Grenseverdiar for utslepp av klimagassar</i>
	150 g CO <sub>2</sub> -ekvivalentar/kWh varmeyting

- b) Varmeomnar som er installerte i den perioden som EU-miljømerkisensen gjeld for, skal oppfylle det kravet til minste sesongavhengige energieffektivitet ved romoppvarming som er fastsett i kommisjonsforordning (EU) 2015/1185<sup>(1)</sup> eller i kommisjonsforordning (EU) 2015/1188<sup>(2)</sup>.
- c) Vassvarmarar som er installerte i den perioden som EU-miljømerkisensen gjeld for, skal minst ha følgjande relevante energieffektivitetsindikatorar:

Type vassvarmar	Energieffektivitetsindikator
Alle vassvarmarar med oppgjeven forbruksprofil $\leq S$	Energiklasse A <sup>(b)</sup>
Alle vassvarmarar bortsett frå varmepumpevassvarmarar, med oppgjeven forbruksprofil $> S$ og $\leq XXL$	Energiklasse A <sup>(b)</sup>
Varmepumpevassvarmarar med oppgjeven forbruksprofil $> S$ og $\leq XXL$	Energiklasse A+ <sup>(b)</sup>
Alle vassvarmarar med oppgjeven forbruksprofil $> XXL$ (3XL og 4XL)	Energieffektivitet ved vassvarming $\geq 131\%$ <sup>(c)</sup>

<sup>(b)</sup> Som definert i vedlegg II til delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 812/2013<sup>(1)</sup>.

<sup>(c)</sup> Som definert i vedlegg VI til kommisjonsforordning (EU) nr. 814/2013<sup>(2)</sup>.

<sup>(1)</sup> Delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 812/2013 av 18. februar 2013 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av vassvarmarar, varmtvassbeholdarar og pakkjar med vassvarmar og solvarmeinnretning (TEU L 239 av 6.9.2013, s. 83).

<sup>(2)</sup> Kommisjonsforordning (EU) nr. 814/2013 av 2. august 2013 om gjennomføring av europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/125/EF med omsyn til krav til miljøvenleg utforming av vassvarmarar og varmtvassbeholdarar (TEU L 239 av 6.9.2013, s. 162).

- d) Eksisterande kraftvarmeverk skal vere i samsvar med definisjonen av høgeffektiv i vedlegg III til europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/8/EF<sup>(3)</sup> eller vedlegg II til direktiv 2012/27/EU dersom dei er installerte etter 4. desember 2012.
- e) Eksisterande varmtvasskjelar som vert fyrte med flytande eller gassformig brensel slik det er definert i rådsdirektiv 92/42/EØF<sup>(4)</sup>, skal vere i samsvar med dei standardane for verknadsgrad som tilsvarar minst tre stjerner slik det er fastsett i det nemnde direktivet. Verknadsgraden til kjelar som ikkje er omfatta av direktiv 92/42/EØF, skal vere i samsvar med rettleiinga frå produsenten og med nasjonal og lokal lovgjeving om verknadsgrad, men ein verknadsgrad på under 88 % for slike eksisterande kjelar, skal ikkje godkjennast (bortsett frå for biomassekjelar).

<sup>(1)</sup> Kommisjonsforordning (EU) 2015/1185 av 24. april 2015 om gjennomføring av europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/125/EF med hensyn til krav til miljøvennlig utforming av varmeovner fyrte med fast brensel (TEU L 193 av 21.7.2015, s. 1).

<sup>(2)</sup> Kommisjonsforordning (EU) 2015/1188 av 28. april 2015 om gjennomføring av europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/125/EF med hensyn til krav til miljøvennlig utforming av varmeovner (TEU L 193 av 21.7.2015, s. 76).

<sup>(3)</sup> Europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/8/EF av 11. februar 2004 om fremming av kraftvarme basert på etterspørsel etter nyttbar varme på det indre marked for energi og om endring av direktiv 92/42/EØF (TEU L 52 av 21.2.2004, s. 50).

<sup>(4)</sup> Rådsdirektiv 92/42/EØF av 21. mai 1992 om krav til virkningsgrad for nye varmtvannskjelar som fyres med flytende eller gassformig brensel (TEF L 167 av 22.6.1992, s. 17).

*Vurdering og kontroll*

For krav a), b) og c) skal lisensnehavaren informere det rette organet om nyinstalleringa av dei relevante apparata i den perioden som EU-miljømerkisensen gjeld for, og leggje fram tekniske spesifikasjonar frå produsenten eller dei faglærde tekniskarane som er ansvarlege for installering, sal eller vedlikehald av romoppvarmingsanlegga og vassvarmarane, saman med opplysningar om korleis kravet til effektivitet vert oppfylt. Vassbaserte varmelegger med EU-miljømerket skal reknast for å oppfylle krav a) ii). Produkt som ber andre ISO type I-merke som oppfyller eit av krava som er oppførte under bokstav a) til e), skal reknast for å oppfylle dei høvesvise krava i dette kriteriet. Dersom det vert nytta vassbaserte varmelegger som er tildelte EU-miljømerket, skal søkjaren leggje fram ein kopi av EU-miljømerkesertifikatet eller av etiketten på emballasjen som viser at merket vart tildelt i samsvar med avgjerd 2014/314/EU. Dersom det vert nytta produkt som ber andre ISO type I-merke, skal søkjaren leggje fram ein kopi av sertifikatet for type I-merket eller av etiketten på emballasjen og oppgje dei krava til ISO type I-merke som er oppførte under bokstav a) til e). For krav d) og e) skal søkjaren leggje fram tekniske spesifikasjonar frå produsenten eller dei faglærde tekniskarane som er ansvarlege for installering, sal eller vedlikehald av romoppvarmingsanlegga og vassvarmarane, saman med opplysningar om korleis kravet til effektivitet vert oppfylt.

**Kriterium 7. Energieffektive klimaanlegg og luftbaserte varmepumper**

Klimaanlegg til hushaldsbruk og luftbaserte varmepumper som er installerte i den perioden som EU-miljømerkisensen gjeld for, skal minst ha følgjande relevante energiklassar, slik dei er definerte i delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 626/2011<sup>(1)</sup>:

Type	Energieffektivitetsklasse (kjøling/oppvarming)
Monosplitt < 3kW	A+++ / A+++
Monosplitt 3–4 kW	A+++ / A+++
Monosplitt 4–5 kW	A+++ / A++
Monosplitt 5–6 kW	A+++ / A+++
Monosplitt 6–7 kW	A++ / A+
Monosplitt 7–8 kW	A++ / A+
Monosplitt > 8kW	A++ / A++
Multisplitt	A++ / A+

*Merknad:* Dette kriteriet gjeld for nettdrivne klimaanlegg og luftbaserte varmepumper med ein nominell kapasitet på  $\leq 12$  kW for kjøling, eller for oppvarming dersom produktet ikkje har kjølefunksjon. Dette kriteriet gjeld ikkje for apparat som nyttar andre energikjelder enn elektrisk kraft, eller apparat der kondensator- og/eller fordamparsida ikkje nyttar luft som medium for varmeoverføring.

*Vurdering og kontroll*

Lisensnehavaren skal informere det rette organet om nyinstalleringa av dei ovanneemde apparata i den perioden som EU-miljømerkisensen gjeld for, og leggje fram tekniske spesifikasjonar frå produsenten eller dei faglærde tekniskarane som er ansvarlege for installering, sal eller vedlikehald av klimaanlegget, saman med opplysningar om korleis kravet til effektivitet vert oppfylt.

<sup>(1)</sup> Delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 626/2011 av 4. mai 2011 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av klimaanlegg (TEU L 178 av 6.7.2011, s. 1).

**Kriterium 8. Energieffektiv lysgjeving**

- a) På tidspunktet for tildeling av EU-miljømerkisensen skal
- i) minst 40 % av all lysgjeving på overnattingsstaden tilhøyre minst klasse A, som fastsett i samsvar med vedlegg VI til delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 874/2012<sup>(1)</sup>,
  - ii) minst 50 % av lysgjevinga på stader der det er sannsynleg at lampane vil vere tende i meir enn fem timar per døgn, tilhøyre minst klasse A, som fastsett i samsvar med vedlegg VI til delegert forordning (EU) nr. 874/2012.
- b) Innan høgst to år etter tidspunktet for tildeling av EU-miljømerkisensen skal
- i) minst 80 % av all lysgjeving på overnattingsstaden tilhøyre minst klasse A, som fastsett i samsvar med vedlegg VI til delegert forordning (EU) nr. 874/2012,
  - ii) 100 % av lysgjevinga på stader der det er sannsynleg at lampane vil vere tende i meir enn fem timar per døgn, tilhøyre minst klasse A, som fastsett i samsvar med vedlegg VI til delegert forordning (EU) nr. 874/2012.

*Merknad:* Prosentdelane er fastsette i høve til den samla mengda lysarmaturar som er eigna for energisparande lysgjeving. Verdiane ovanfor gjeld ikkje for lysarmaturar som på grunn av fysiske eigenskapar ikkje tillèt bruk av energisparande lysgjeving.

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram for det rette organet skriftlege rapportar om den samla mengda av lampar og lysarmaturar som er eigna for energisparande lysgjeving, driftstimar og mengda energisparande lampar og lysarmaturar som minst tilhøyre klasse A, som fastsett i samsvar med vedlegg VI til delegert forordning (EU) nr. 874/2012. Rapportane skal òg omfatte ei utgreiing om kvifor det ikkje er mogleg å byte ut lampar og lysarmaturar i dei tilfella der fysiske eigenskapar ikkje tillèt bruk av energisparande lampar og lysarmaturar. Det skal leggjast fram to rapportar, den første på søknadsdatoen og den andre høgst to år etter datoen for tildelinga.

*Fysiske eigenskapar som kan hindre bruk av energisparande lyspærer, kan vere dekorlysgeving som krev spesiallampar og -lysarmaturar, dimbar lysgeving eller andre tilfelle der energisparande lysgeving ikkje er tilgjengeleg. I slike tilfelle skal det leggjast fram dokumentasjon som viser kvifor energisparande lampar og lysarmaturar ikkje kan nyttast. Dette kan omfatte til dømes fotografi av den lysgevingstypen som er installert.*

**Kriterium 9. Temperaturregulering**

Temperaturen i alle fellesområde (t.d. restaurantar, opphaldsrom og konferanserom) skal vere regulerte individuelt innanfor følgjande fastlagde intervall:

- i) Temperaturen i fellesområda skal ved kjøling liggje på 22 °C eller høgare (+/- 2 °C etter oppmoding frå gjestene) om sommaren.
- ii) Temperaturen i fellesområda skal ved oppvarming liggje på 22 °C eller lågare (+/- 2 °C etter oppmoding frå gjestene) om vinteren.

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med dokumentasjon om kva temperaturreguleringssystem eller framgangsmåtar som er nytta for å stille inn dei fastlagde temperaturintervalla.

<sup>(1)</sup> Delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 874/2012 av 12. juli 2012 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av elektriske lampar og lysarmaturar (TEU L 258 av 26.9.2012, s. 1).

**Kriterium 10. Automatisk avstenging av HVAC og lysgjeving**

- a) HVAC-system og -anlegg som er installerte i den perioden som EU-miljømerkisensen gjeld for, skal stengjast av automatisk når vindauge vert opna eller når gjestene forlèt rommet.
- b) Automatiske system (t.d. sensorar, sentralnøklar/-kort osv.) som slår av all lysgjeving når gjestene forlèt rommet, skal installerast ved bygging og/eller renovering av alle nye og/eller renoverte overnattingsseiningar til utleige / gjesterom i den perioden som EU-miljømerkisensen gjeld for.

*Marknad:* Små overnattingsstader (opp til fem rom) har unntak frå dette kriteriet.

*Vurdering og kontroll*

Lisensinnehavaren skal informere det rette organet om nyinstalleringa i den perioden som EU-miljømerkisensen gjeld for, av system og innretningar for automatisk avstenging av HVAC og lysgjeving, og leggje fram tekniske spesifikasjonar frå dei faglærde tekniskarane som er ansvarlege for installeringa eller vedlikehaldet av desse systema eller innretningane.

**Kriterium 11. Utandørs varme- og klimaanlegg**

Overnattingsstaden skal ikkje nytte utandørs varme- eller klimaanlegg.

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kravet er oppfylt. Dette skal kontrollerast under vitjinga på staden.

**Kriterium 12. Kjøp av elektrisk kraft frå ein leverandør som nyttar fornybare energikjelder**

- a) Dersom overnattingsstaden ligg i eit område med **ein til fire leverandørar av individuelle grøne tariffar som tilbyr 50 %** av den elektriske krafta frå fornybare energikjelder, **eller dersom det finst separate opphavsgarantiar:**

Overnattingsstaden skal inngå avtale som inneber at minst 50 % av den elektriske krafta dei nyttar, skal kome frå fornybare energikjelder slik det er definert i europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/28/EF<sup>(1)</sup>. For dette føremålet gjeld følgjande:

Overnattingsstaden skal fortrinnsvis inngå avtale om ein **individuell elektrisitetstariff** der minst 50 % av den elektriske krafta skal kome frå fornybare energikjelder. Dette kravet vert oppfylt enten ved at minst 50 % av den samla energimiksen som leverandøren marknadsfører, kjem frå fornybare kjelder, eller ved at minst 50 % av produktenergimiksen til den avtalte tariffen kjem frå fornybare kjelder.

Eller

Kravet om minst 50 % fornybar energi kan òg oppfyllest gjennom **separat kjøp** av opphavsgarantiar jf. definisjonen i artikkel 2 bokstav j) i direktiv 2009/28/EF, som vert handla i tråd med prinsippa og reglane for drift i Det europeiske systemet for energisertifikat (EECS – European Energy Certificate System). For dette alternativet skal følgjande vilkår oppfyllest:

- i) Dei nasjonale reglane i både eksport- og importstaten skal omfatte domeneprotokollar som er akkrediterte av Association of Issuing Bodies (AIB) i medhald av EECS-prinsippa og -reglane for drift, med sikte på å unngå dobbeltteljing dersom kunden vel separat kjøp av opphavsgarantiar.
- ii) Mengda av opphavsgarantiar som vert skaffa gjennom separat kjøp, skal tilsvare elektrisitetsforbruket til søkjaren i den same perioden.

<sup>(1)</sup> Europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/28/EF av 23. april 2009 om å fremme bruk av energi fra fornybare kilder, og om endring og senere oppheving av direktiv 2001/77/EF og 2003/30/EF (TEU L 140 av 5.6.2009, s. 16).

- b) Dersom overnattingsstaden ligg i eit område med **minst fem leverandørar av individuelle elektrisitetstariffar som tilbyr 100 %** av den elektriske krafta frå fornybare energikjelder, skal 100 % av den elektriske krafta til overnattingsstaden kome frå fornybare energikjelder gjennom ein individuell grøn tariff. Dette kravet vert oppfylt anten ved at 100 % av den samla energimiksen som leverandøren marknadsfører, kjem frå fornybare kjelder, eller ved at 100 % av produktenergimiksen til den avtalte tariffen kjem frå fornybare kjelder.

*Merknad:* Overnattingsstader som ikkje kjem inn under tilfelle a) eller b), har unntak. Det er berre leverandørar som tilbyr den krafta og spenninga som overnattingsstaden krev, som vert rekna med i det minstetalet på leverandørar som er nemnt i tilfelle a) og b).

#### *Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn frå (eller avtalene med) leverandørane av elektrisk kraft / opphavsgarantiar som viser kva type fornybar(e) energikjelde(r) det dreier seg om, kor mange prosent av den leverte elektriske krafta som kjem frå ei fornybar kjelde, og lista over leverandørar av grønne tariffar som tilbyr grøn elektrisk kraft i området der overnattingsstaden ligg. Søklarar som nyttar separat kjøp i medhald av bokstav a), skal i tillegg leggje fram fråsegner frå leverandøren av opphavsgarantiane om at vilkåra i bokstav a) er oppfylte.

Søklarar som ikkje har tilgang til leverandørar av dei elektrisitetstariffane eller opphavsgarantiane som er nemnde ovanfor, i området der overnattingsstaden ligg, skal leggje fram dokumentasjon på den manglande tilgangen til leverandørar av grønne tariffar og separate opphavsgarantiar.

I samsvar med artikkel 2 bokstav a) i direktiv 2009/28/EF tyder fornybare energikjelder energi frå fornybare ikkje-fossile energikjelder, det vil seie vindenergi, solenergi, aerotermisk energi, geotermisk energi, hydrotermisk energi og havenergi, vasskraft, biomasse, gass frå fyllplassar, gass frå reinseanlegg og biogassar.

### **Kriterium 13. Kol og fyringsoljer**

Verken fyringsoljer med eit svovelinnhald på meir enn 0,1 % eller kol skal nyttast som energikjelde.

*Merknad:* Dette kriteriet skal berre nyttast på overnattingsstader med eget varmeanlegg.

#### *Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, og opplyse om kva type energikjelder som vert nytta. Dette skal kontrollerast under vitjinga på staden.

VATN

### **Kriterium 14. Effektive vassarmaturar: baderomsarmaturar og dusjar**

Utan at det rører ved dei lokale eller nasjonale reglane om vassmengdstraum frå baderomsarmaturar og dusjar, skal den gjennomsnittlege vassmengdstraumen frå baderomsarmaturar og dusjar ikkje overstige 8,5 liter/minutt.

*Merknad:* Badekar, regndusjar og massasjedusjar har unntak.

#### *Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med relevant dokumentasjon, medrekna ei utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet (t.d. bruk av strøymingsmålar eller ei lita bøtte og ei klokke). Sanitære tappearaturprodukt med EU-miljømerket eller produkt som ber andre ISO type I-merke som oppfyller krava ovanfor, vert rekna for å oppfylle kriteriet. Dersom det vert nytta sanitære tappearaturprodukt som er tildelte EU-miljømerket, skal søkjaren leggje fram ein kopi av EU-miljømerkesertifikatet eller av etiketten på emballasjen som viser at merket vart tildelt i samsvar med kommisjonsavgjerd 2013/250/EU<sup>(1)</sup>. Dersom det vert nytta produkt som ber andre type I-merke, skal søkjaren leggje fram ein kopi av sertifikatet for ISO type I-merket eller av etiketten på emballasjen og oppgje dei krava til ISO type I-merke som tilsvarar dei krava som er nemnde ovanfor.

<sup>(1)</sup> Kommisjonsavgjerd 2013/250/EU av 21. mai 2013 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til sanitære tappearaturar (TEU L 145 av 31.5.2013, s. 6).



**Kriterium 15. Effektive vassarmaturar: klosett og urinal**

Utan at det rører ved dei lokale eller nasjonale reglane for utspyling i klosett og urinal, gjeld følgjande:

- a) Det er ikkje tillate med kontinuerleg utspyling i urinal på overnattingsstaden.
- b) Klosett som er installerte i den perioden som EU-miljømerkisensen gjeld for, skal ha ei effektiv utspyling på  $\leq 4,5$  l.

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon. For krav b) skal lisensnehavaren informere det rette organet om nyinstalleringa av klosett i den perioden som EU-miljømerkisensen gjeld for, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon. Vassklosett og urinal med EU-miljømerket eller klosett og urinal som ber andre ISO type I-merke som oppfyller krava ovanfor, vert rekna for å oppfylle kriteriet. Dersom det vert nytta klosett og urinal som er tildelte EU-miljømerket, skal søkjaren leggje fram ein kopi av EU-miljømerkesertifikatet eller av etiketten på emballasjen som viser at merket vart tildelt i samsvar med kommisjonsavgjerd 2013/641/EU<sup>(1)</sup>. Dersom det vert nytta produkt som ber andre ISO type I-merke, skal søkjaren leggje fram ein kopi av sertifikatet for type I-merket eller av etiketten på emballasjen og oppgje dei krava til ISO type I-merke som tilsvaret dei krava som er nemnde ovanfor.

**Kriterium 16. Mindre tekstilvask gjennom ombruk av handkle og sengetøy**

Overnattingsstaden skal som standard byte handkle og laken så ofte som det er fastsett i miljøhandlingsprogrammet til overnattingsstaden, som skal vere sjeldnare enn ein gong om dagen med mindre lovgjeving eller nasjonale reglar krev noko anna, eller noko anna er fastsett gjennom ei ordning for tredjemannsertifisering som overnattingsstaden deltek i. Hyppigare byte skal berre finne stad dersom gjestene uttrykkjeleg ber om det.

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med relevant dokumentasjon om den bytefrekvensen som er fastsett av overnattingsstaden, ved tredjemannsertifiseringa eller ved lovgjeving eller nasjonale reglar.

## AVFALL OG SPILLVATN

**Kriterium 17. Avfallsførebygging: plan for reduksjon av matavfall**

Utan at det rører ved dei lokale eller nasjonale reglane for servering av måltid, gjeld følgjande:

- a) Med sikte på å redusere emballasjeavfall: Det skal ikkje nyttast porsjonspakningar til haldbare næringsmiddel (t.d. kaffi, sukker, kakaopulver (med unntak av teposar)) ved servering av måltid.
- b) Med sikte på å balansere emballasjeavfall/matavfall etter sesong: For alle næringsmiddel som vert skjemde (t.d. yoghurt, syltetøy, honning, kjøtpålegg, bakverk) skal overnattingsstaden ta hand om matserveringa til gjestene for å minimere både matavfallet og emballasjeavfallet. For å oppnå dette skal overnattingsstaden følge ein dokumentert framgangsmåte som er knytt til handlingsprogrammet (kriterium 1), som spesifiserer korleis balansen mellom matavfall og emballasjeavfall kan optimerast etter talet på gjester.

Unntak frå dette kriteriet: butikkar og salsautomatar som overnattingsstaden driv, og porsjonspakningar med sukker og kaffi på romma, på det vilkåret at dei produkta som vert nytta for dette føremålet, er sertifiserte som produkt som byggjer på rettferdig handel og/eller er økologiske produkt, og at brukte kaffikapslar (dersom det er relevant) vert leverte tilbake til produsenten for attvinning.

<sup>(1)</sup> Kommisjonsavgjerd 2013/641/EU av 7. november 2013 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til vassklosett og urinal (TEU L 299 av 9.11.2013, s. 38).

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med den dokumenterte framgangsmåten som forklarar korleis både mat- og emballasjeavfall vert minimert. Dersom det finst lovgjeving som krev bruk av porsjonspakningar, skal denne lovgjevinga òg leggjast fram. Dersom det er relevant, skal det leggjast fram dokumentasjon som viser at vilkåra for unntak er oppfylte (t.d. fråsegn om retur av kaffikapslar frå produsenten, emballasjeetikett for produkt som er økologiske og/eller byggjer på rettferdig handel). Dette skal kontrollerast under vitjinga på staden.

Mat som kan verte skjemd, er definert som mat som rotnar eller vert broten ned, vanlegvis mat som til dømes er minst mogleg foredla eller på annan måte konservert, og som må lagrast kjølig for å minske graden av rotning og kvalitetstapet (Codex Alimentarius).

**Kriterium 18. Avfallsførebygging: eingongsartiklar**

- a) Eingongstolettartiklar (dusjletter, børstar, naglefiler, sjampo, såpe osv.) skal ikkje vere tilgjengelege på romma til gjestene med mindre gjestene ber om det, eller det er ei rettsleg plikt, eller det er eit krav i ei uavhengig kvalitetsklassifiserings-/sertifiseringsordning eller i kvalitetsstrategien til den hotellkjeda som overnattingsstaden er medlem i.
- b) Eingongsartiklar som vert nytta ved måltid (servise, bestikk og vassmugger), skal ikkje vere tilgjengelege for gjestene verken på romma eller i restauranten/baren med mindre søkjaren har ei attvinningsavtale for slike artiklar.
- c) Eingongshandkle og eingongssengetøy (bortsett frå stikkklaken) skal ikkje nyttast på romma.

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med relevant dokumentasjon som viser korleis kriteriet vert oppfylt. All lovgjeving eller uavhengige kvalitetsklassifiserings-/sertifiseringsordningar som krev bruk av eingongsartiklar, skal òg leggjast fram. Dette skal kontrollerast under vitjinga på staden.

**Kriterium 19. Avfallssortering og levering til attvinning**

- a) Utan at det rører ved dei lokale eller nasjonale reglane for avfallssortering, skal det finnast høvelege behaldarar på romma og/eller i kvar etasje og/eller på ein sentral stad på overnattingsstaden, slik at gjestene kan sortere avfallet sitt.
- b) Overnattingsstaden skal sortere avfallet i dei kategoriane som krevst eller som er føreslåtte av dei tilgjengelege lokale avfallshandteringsanlegga, og det skal takast særleg omsyn til toalettartiklar og farleg avfall, t.d. tonarar, blekk, kjøleutstyr og elektrisk utstyr, batteri, energisparande lyspærer, lækjemiddel og feitt/oljer.

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med opplysningar om dei ulike kategoriane av avfall som er godkjende av dei lokale styresmaktene, og/eller relevante avtaler med attvinningstenesteytarar. Dette skal kontrollerast under vitjinga på staden.

## ANDRE KRITERIUM

**Kriterium 20. Røykjesforbod i fellesområde og rom**

- a) Det skal vere røykjesforbod i alle innandørs fellesområde.
- b) Det skal vere røykjesforbod i minst 80 % av gjesteromma eller overnattingsseiningane til utleige (avrunda til nærmaste heiltal).

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, og dokumentasjon i form av til dømes bilete av skilta innandørs på overnattingsstaden. Søkjaren skal opplyse om talet på gjesterom, og kva rom som er røykfrie.

**Kriterium 21. Fremjing av miljøvenlege transportmiddel**

Gjester og personale skal ha tilgang til informasjon på nettstaden til overnattingsstaden (dersom det finst) og på sjølve overnattingsstaden om følgjande:

- a) Opplysningar om tilgang til lokale miljøvenlege transportmiddel for å sjå seg rundt i byen/landsbyen der overnattingsstaden ligg (offentlege transportmiddel, sykklar osv.).
- b) Opplysningar om tilgang til lokale miljøvenlege transportmiddel for å reise til og frå byen/landsbyen der overnattingsstaden ligg.
- c) Dersom det finst, særlege tilbod eller avtaler med transportføretak som overnattingsstaden kan tilby gjester og personale (t.d. hentetenester, felles buss for personalet, elbilar osv.).

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med kopiar av det informasjonsmateriellet som er tilgjengeleg på t.d. nettstader, i brosjyrar osv.

**Kriterium 22. Opplysningar på EU-miljømerket**

Eit valfritt merke med tekstfelt skal innehalde følgjande tekst:

«Denne overnattingsstaden medverkar aktivt til å redusere miljøverknaden sin ved å

- fremje bruk av fornybare energikjelder
- spare energi og vatn, og
- redusere avfallet.»

Retningslinjene for bruk av det valfrie merket med tekstfelt kan finnast i «Guidelines for the use of the EU Ecolabel logo» på følgjande nettstad:

[http://ec.europa.eu/environment/ecolabel/documents/logo\\_guidelines.pdf](http://ec.europa.eu/environment/ecolabel/documents/logo_guidelines.pdf)

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, og opplyse om kva underlag logoen vil verte vist på.

*AVSNITT B***KRITERIUM SOM ER NEMNDE I ARTIKKEL 3 BOKSTAV b)****ALLMENN FORVALTING****Kriterium 23. EMAS-registrering eller ISO-sertifisering av overnattingsstaden (opp til 5 poeng)**

Overnattingsstaden skal vere registrert i unionsordninga for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS) (5 poeng), eller sertifisert i samsvar med ISO 14001 (3 poeng) eller ISO 50001 (2 poeng).

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram høveleg prov på EMAS-registrering eller ISO-sertifisering(ar).

**Kriterium 24. EMAS-registrering eller ISO-sertifisering av leverandørar (opp til 5 poeng)**

Minst to av dei viktigaste leverandørane eller tenesteytarane til overnattingsstaden skal vere lokale og registrerte i EMAS (5 poeng), eller sertifiserte i samsvar med ISO 14001 (2 poeng) eller ISO 50001 (1,5 poeng).

For føremåla med dette kriteriet skal ein lokal tenesteleverandør reknast for å vere ein leverandør som held til innanfor ein radius på 160 kilometer frå overnattingsstaden.

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram høveleg prov på EMAS-registrering eller ISO-sertifisering for minst to av dei viktigaste leverandørane sine.

**Kriterium 25. Miljømerkte tenester (opp til 4 poeng)**

Alle vaskeri- og/eller reingjeringstenester som er sette ut til ein leverandør, skal utførast av ein tenesteytar som er tildelt eit ISO type I-merke (2 poeng for kvar teneste, opp til høgst 4 poeng).

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram høveleg prov på at leverandørar av vaskeri- og/eller reingjeringstenester har ei ISO type I-sertifisering.

**Kriterium 26. Informasjon og opplæring om miljø- og samfunnstilhøve (opp til 2 poeng)**

- a) Overnattingsstaden skal syte for at gjestene får informasjon og orientering om miljøet i form av oppslag om det biologiske mangfaldet, landskapet og naturforvaltninga i lokalområdet (1 poeng).
- b) Underhaldninga for gjestene skal ha innslag som omfattar miljøopplæring (t.d. bøker, animasjonar og tilskipingar) (1 poeng).

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon.

**Kriterium 27. Overvaking av forbruk: energi- og vassmålingar (opp til 2 poeng)**

Overnattingsstaden skal ha installert energi- og vassmålarar slik at det vert mogleg å samle inn opplysningar om forbruket i samband med ulike aktivitetar og/eller til ulike maskiner, til dømes følgjande kategoriar (1 poeng for kvar kategori, opp til høgst 2 poeng):

- a) Rom.
- b) Oppstillingsplassar.
- c) Vaskeritenester.
- d) Kjøkkentenester.
- e) Særskilde apparat (t.d. kjøleskåp, vaskemaskiner).

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med eit kart som viser kvar målarane er plasserte.

## ENERGI

**Kriterium 28. Energieffektive romoppvarmingsanlegg og vassvarmarar (opp til 3 poeng)**

Overnattingsstaden skal minst ha

- a) eit vassbasert romoppvarmingsanlegg som oppfyller kriterium 6 bokstav a) (1 poeng),
- b) ein varmeomn som tilhøyrer minst energiklasse A, slik det er definert i delegert kommisjonsforordning (EU) 2015/1186<sup>(1)</sup> (1 poeng),
- c) ein vassvarmar som oppfyller kriterium 6 bokstav c) (1 poeng).

<sup>(1)</sup> Delegert kommisjonsforordning (EU) 2015/1186 av 24. april 2015 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med hensyn til energimerking av varmeovner (TEU L 193 av 21.7.2015, s. 20).

#### *Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram tekniske spesifikasjonar frå produsenten eller dei faglærde tekniskarane som er ansvarlege for installering, sal eller vedlikehald av romoppvarmingsanlegga og vassvarmarane, saman med opplysningar om korleis kravet til effektivitet i kriterium 6 bokstav a), b) og c) vert oppfylt. Vassbaserte varmeanlegg med EU-miljømerket skal reknast for å oppfylle kravet i kriterium 6 bokstav a) ii). Produkt som ber andre ISO type I-merke som oppfyller eit av krava som er oppførte i kriterium 6 bokstav a), b) og c), skal reknast for å oppfylle kriteriet. Dersom det vert nytta vassbaserte varmeanlegg som er tildelte EU-miljømerket, skal søkjaren leggje fram ein kopi av EU-miljømerkesertifikatet eller av etiketten på emballasjen som viser at merket vart tildelt i samsvar med avgjerd 2014/314/EU. Dersom det vert nytta produkt som ber andre ISO type I-merke, skal søkjaren leggje fram ein kopi av sertifikatet for type I-merket eller av etiketten på emballasjen og oppgje dei krava til ISO type I-merke som er oppførte under bokstav a), b) og c).

#### **Kriterium 29. Energieffektive klimaanlegg og luftbaserte varmepumper (opp til 3,5 poeng)**

Overnattingsstaden skal vere innanfor éin av desse tersklane:

- a) 50 % av klimaanlegga til hushaldsbruk eller dei luftbaserte varmepumpene (avrunda til nærmaste heiltal) skal ha ein energieffektivitet som er minst 15 % høgare enn den terskelen som er fastsett i kriterium 7 (1,5 poeng).
- b) 50 % av klimaanlegga til hushaldsbruk eller dei luftbaserte varmepumpene (avrunda til nærmaste heiltal) skal ha ein energieffektivitet som er minst 30 % høgare enn den terskelen som er fastsett i kriterium 7 (3,5 poeng).

#### *Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram tekniske spesifikasjonar frå produsenten eller dei faglærde tekniskarane som er ansvarlege for installering, sal eller vedlikehald av klimaanlegga, saman med opplysningar om korleis kravet til effektivitet vert oppfylt.

#### **Kriterium 30. Luftbaserte varmepumper med opp til 100 kW varmeyting (3 poeng)**

Overnattingsstaden skal minst ha ei luftbasert varmepumpe som oppfyller kriterium 7 (dersom det er relevant, sjå merknaden i kriterium 7), og som er tildelt EU-miljømerket i samsvar med kommisjonsvedtak 2007/742/EF<sup>(1)</sup> eller eit anna ISO type I-merke.

#### *Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram tekniske spesifikasjonar frå produsenten eller dei faglærde tekniskarane som er ansvarlege for installering, sal eller vedlikehald av den luftbaserte varmepumpa, saman med opplysningar om korleis kravet til effektivitet vert oppfylt (dersom det er relevant). Dersom det vert nytta varmepumper som er tildelte EU-miljømerket, skal søkjaren leggje fram ein kopi av EU-miljømerkesertifikatet eller av etiketten på emballasjen som viser at merket vart tildelt i samsvar med vedtak 2007/742/EF. Dersom det vert nytta produkt som ber andre ISO type I-merke, skal søkjaren leggje fram ein kopi av sertifikatet for type I-merket eller av etiketten på emballasjen.

#### **Kriterium 31. Energieffektive hushaldsapparat og energieffektiv lysgjeving (opp til 4 poeng)**

Overnattingsstaden skal ha energieffektive apparat i følgjande kategoriar (0,5 poeng eller 1 poeng for kvar av dei følgjande kategoriane, opp til høgst 4 poeng):

- a) Kjøleapparat til hushaldsbruk, der minst 50 % (0,5 poeng) eller 90 % (1 poeng) (avrunda til nærmaste heiltal) skal tilhøyre klasse A++ eller betre i EU-energimerkingssystemet, slik det er fastsett i vedlegg IX til delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 1060/2010<sup>(2)</sup>.
- b) Elektriske steikjeomnar til hushaldsbruk, der minst 50 % (0,5 poeng) eller 90 % (1 poeng) (avrunda til nærmaste heiltal) skal tilhøyre klasse A++ eller betre i EU-energimerkingssystemet, slik det er fastsett i vedlegg I til delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 65/2014<sup>(3)</sup>.

<sup>(1)</sup> Kommisjonsvedtak 2007/742/EF av 9. november 2007 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til elektriske, gassdrivne eller gassabsorpsjonsdrivne varmepumper (TEU L 301 av 20.11.2007, s. 14).

<sup>(2)</sup> Delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 1060/2010 av 28. september 2010 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av kjøleapparat til hushaldsbruk (TEU L 314 av 30.11.2010, s. 17).

<sup>(3)</sup> Delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 65/2014 av 1. oktober 2013 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av steikjeomnar og avtrekkshetter til hushaldsbruk (TEU L 29 av 31.1.2014, s. 1).

- c) Hushaldsoppvaskmaskiner, der minst 50 % (0,5 poeng) eller 90 % (1 poeng) (avrunda til nærmaste heiltal) skal tilhøyre klasse A++ eller betre i EU-energimerkingssystemet, slik det er fastsett i vedlegg VI til delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 1059/2010<sup>(1)</sup>.
- d) Hushaldsvaskemaskiner, der minst 50 % (0,5 poeng) eller 90 % (1 poeng) (avrunda til nærmaste heiltal) skal tilhøyre klasse A++ eller betre i EU-energimerkingssystemet, slik det er fastsett i vedlegg VI til delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 1061/2010<sup>(2)</sup>.
- e) Kontorutstyr der minst 50 % (0,5 poeng) eller 90 % (1 poeng) (avrunda til nærmaste heiltal) skal oppfylle krava til Energy Star, slik det er definert i Energy Star versjon 6.1 for datamaskiner, og i medhald av avtala som er fastsett i kommisjonsavgjerd (EU) 2015/1402<sup>(3)</sup>, i medhald av Energy Star versjon 6.0 for skjermar, i medhald av Energy Star versjon 2.0 for bilethandsamingsutstyr, i medhald av Energy Star versjon 1.0 for avbrottsfrie straumkjelder og/eller Energy Star versjon 2.0 for føretakstenarar og i medhald av avtala som er fastsett i kommisjonsavgjerd 2014/202/EU<sup>(4)</sup>.
- f) Hushaldstørketromlar, der minst 50 % (0,5 poeng) eller 90 % (1 poeng) (avrunda til nærmaste heiltal) skal tilhøyre klasse A++ eller betre i EU-energimerkingssystemet, slik det er fastsett i vedlegg VI til delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 392/2012<sup>(5)</sup>.
- g) Hushaldsstøvsugarar, der minst 50 % (0,5 poeng) eller 90 % (1 poeng) (avrunda til nærmaste heiltal) skal tilhøyre klasse A eller betre i EU-energimerkingssystemet, slik det er fastsett i vedlegg I til delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 665/2013<sup>(6)</sup>.
- h) Elektriske lampar og lysarmaturar, der minst 50 % (0,5 poeng) eller 90 % (1 poeng) skal tilhøyre klasse A++ eller betre, slik det er fastsett i vedlegg VI til delegert forordning (EU) nr. 874/2012.

*Merknad:* Kriteriet gjeld ikkje for apparat og lysgjeving som ikkje kjem inn under den forordninga som er nemnd for kvar kategori (t.d. apparat til industribruk).

#### *Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram dokumentasjon med opplysningar om energiklassen (Energy Star-sertifikat for kategori e)) for alle apparat i den relevante kategorien.

### **Kriterium 32. Varmeattvinning (opp til 3 poeng)**

Overnattingsstaden skal ha eit varmeattvinningssystem for ein (1,5 poeng) eller to (3 poeng) av dei følgjande kategoriane: kjølesystem, vifter, vaskemaskiner, oppvaskmaskiner, symjebasseng og spillvatn frå sanitær bruk.

#### *Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med dokumentasjon om varmeattvinningssystema (t.d. ein kopi av prosjektskissa for det varmeattvinningssystemet som vert nytta, utgreiing frå ein tekniskar osv.).

<sup>(1)</sup> Delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 1059/2010 av 28. september 2010 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av hushaldsoppvaskmaskiner (TEU L 314 av 30.11.2010, s. 1).

<sup>(2)</sup> Delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 1061/2010 av 28. september 2010 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av hushaldsvaskemaskiner (TEU L 314 av 30.11.2010, s. 47).

<sup>(3)</sup> Kommisjonsbeslutning (EU) 2015/1402 av 15. juli 2015 om fastsettelse av Den europeiske unions holdning til en beslutning truffet av forvaltningsorganane i henhold til avtalen mellom De forente stater regjering og Den europeiske union om samordning av programmene for energieffektivitetsmerking av kontorutstyr med hensyn til endring av datamaskinspesifikasjonene i vedlegg C til avtalen (TEU L 217 av 18.8.2015, s. 9).

<sup>(4)</sup> Kommisjonsbeslutning (EU) 2014/202 av 20. mars 2014 om fastsettelse av Den europeiske unions holdning til en beslutning truffet av forvaltningsorganane i henhold til avtalen mellom De forente stater regjering og Den europeiske union om samordning av programmene for energieffektivitetsmerking av kontorutstyr med hensyn til tilføyelse av spesifikasjoner for datatjenere og avbrottsfrie strømkilder til vedlegg C til avtalen, og om revisjon av spesifikasjonene for skjermer og bildebehandlingsutstyr i vedlegg C til avtalen (TEU L 114 av 16.4.2014, s. 68).

<sup>(5)</sup> Delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 392/2012 av 1. mars 2012 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av hushaldstørketromlar (TEU L 123 av 9.5.2012, s 1).

<sup>(6)</sup> Delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 665/2013 av 3. mai 2013 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av støvsugarar (TEU L 192 av 13.7.2013, s. 1).

**Kriterium 33. Temperaturregulering og isolering av vindauge (opp til 4 poeng)**

- a) Temperaturen i alle gjesterom skal kunne regulerast av gjestene. Temperaturreguleringssystema skal tillate individuell regulering innanfor følgjande fastlagde intervall (2 poeng):
  - i) Romtemperaturen ved kjøling skal liggje på 22 °C eller høgare om sommaren.
  - ii) Romtemperaturen ved oppvarming skal liggje på 22 °C eller lågare om vinteren.
- b) 90 % av vindauga i oppvarma og/eller luftkondisjonerte rom og fellesområde skal vere isolerte med minst to lag glas eller tilsvarande (2 poeng).

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med relevant dokumentasjon om kva temperaturreguleringssystem eller framgangsmåtar som er nytta for å stille inn dei fastlagde temperaturintervalla, eller bilete av vindauga. Dersom det vert nytta vindaugsisolasjon som tilsvarar fleire lag glas, skal det leggjast ved ei fråsegn frå ein sakkunnig.

**Kriterium 34. Automatisk avstenging av apparat/innretningar (opp til 4,5 poeng)**

- a) 90 % av gjesteromma på overnattingsstaden (avrunda til nærmaste heiltal) skal ha automatisk avstenging av installerte HVAC-system når vindauge vert opna og når gjestene forlèt rommet (1,5 poeng).
- b) 90 % av gjesteromma på overnattingsstaden (avrunda til nærmaste heiltal) skal ha automatiske system som sløkkjer lyset når gjestene forlèt rommet (1,5 poeng).
- c) 90 % av utandørs lys (avrunda til nærmaste heiltal) som ikkje er naudsynt av omsyn til tryggleiken, skal sløkkjast automatisk etter eit fastsett tidsrom, eller aktiverast ved hjelp av ein avstandssensor (1,5 poeng).

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram tekniske spesifikasjonar frå dei faglærde tekniskarane som er ansvarlege for installering eller vedlikehald av slike apparat/innretningar.

**Kriterium 35. Fjernvarme/fjernkjøling og kjøling frå kraftvarme (opp til 4 poeng)**

- a) Overnattingsstaden skal oppvarmast og/eller kjølast med effektive anlegg for fjernvarme eller fjernkjøling. For føremåla med EU-miljømerket er dette definert slik: eit anlegg for fjernvarme eller fjernkjøling nyttar minst 50 % fornybar energi, 50 % spillvarme, 75 % kraftvarme eller 50 % energi i form av ein kombinasjon av slik energi og varme, slik det er definert i direktiv 2012/27/EU (2 poeng).
- b) Overnattingsstaden skal kjølast med eit høgeffektivt kraftvarmeverk i samsvar med direktiv 2012/27/EU (2 poeng).

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med dokumentasjon om anlegget for fjernvarme og/eller fjernkjøling som nyttar kraftvarme.

**Kriterium 36. Elektriske handtørkarar med avstandssensor (1 poeng)**

Alle elektriske handtørkarar skal vere utstyrte med avstandssensarar eller vere tildelte eit ISO type I-merke.

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram høveleg utfyllande dokumentasjon om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet. Dersom det vert nytta produkt med ISO type I-merke, skal søkjaren leggje fram ein kopi av sertifikatet for type I-merket eller av etiketten på emballasjen.

**Kriterium 37. Utslepp frå anlegg for romoppvarming (1,5 poeng)**

Innhaldet av nitrogenoksid (NO<sub>x</sub>) i avgassen frå romoppvarmingsanlegg på overnattingsstaden skal ikkje overstige dei grenseverdiane som er oppførte i tabellen nedanfor, som er utrekna i samsvar med følgjande rettsakter:

- a) Vassbaserte romoppvarmingsanlegg som vert fyrte med flytande og gassformig brensel, kommisjonsforordning (EU) nr. 813/2013<sup>(1)</sup>.
- b) Vassbaserte romoppvarmingsanlegg som vert fyrte med fast brensel, kommisjonsforordning (EU) nr. 2015/1189<sup>(2)</sup>.
- c) Varmeomnar fyrte med flytande og gassformig brensel, forordning (EU) 2015/1188.
- d) Varmeomnar fyrte med fast brensel, forordning (EU) 2015/1185.

Varmeproduksjonsteknologi	Grenseverdi for utslepp av NO <sub>x</sub>
Gassfyrte varmeanlegg	Vassbaserte varmeanlegg med intern forbrenningsmotor: 240 mg/kWh brutto brennverdi tilført energi Vassbaserte varmeanlegg og varmeomnar med ekstern forbrenningsmotor (kjelar): 56 mg/kWh brutto brennverdi tilført energi
Varmeanlegg fyrte med flytande brensel	Vassbaserte varmeanlegg med intern forbrenningsmotor: 420 mg/kWh brutto brennverdi tilført energi Vassbaserte varmeanlegg og varmeomnar med ekstern forbrenningsmotor (kjelar): 120 mg/kWh brutto brennverdi tilført energi
Varmeanlegg fyrte med fast brensel	Vassbaserte anlegg til romoppvarming: 200 mg/Nm <sup>3</sup> ved 10 % O <sub>2</sub> Varmeomnar: 200 mg/Nm <sup>3</sup> ved 13 % O <sub>2</sub>

Utsleppa av partiklar i avgassen frå kjelar fyrte med fast brensel og varmeomnar fyrte med fast brensel på overnattingsstaden, skal ikkje overstige dei grenseverdiane som er fastsette i høvesvis forordning (EU) 2015/1189 og forordning (EU) 2015/1185.

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram tekniske spesifikasjonar frå produsenten eller dei faglærde teknikarane som er ansvarlege for installering, sal eller vedlikehald av romoppvarmingsanlegga, saman med opplysningar om korleis kravet til effektivitet vert oppfylt. Vassbaserte varmeanlegg med EU-miljømerket skal reknast for å oppfylle krava. Produkt som ber andre ISO type I-merke som oppfyller krava ovanfor, skal reknast for å oppfylle kriteriet. Dersom det vert nytta vassbaserte varmeanlegg som er tildelte EU-miljømerket, skal søkjaren leggje fram ein kopi av EU-miljømerkesertifikatet eller av etiketten på emballasjen som viser at merket vart tildelt i samsvar med avgjerd 2014/314/EU. Dersom det vert nytta produkt som ber andre ISO type I-merke, skal søkjaren leggje fram ein kopi av sertifikatet for type I-merket eller av etiketten på emballasjen og oppgje dei krava til ISO type I-merket som tilsvarar dei krava som er nemnde ovanfor.

<sup>(1)</sup> Kommisjonsforordning (EU) nr. 813/2013 av 2. august 2013 om gjennomføring av europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/125/EF med hensyn til krav til miljøvennlig utforming av anlegg for romoppvarming og anlegg for rom- og tappevannoppvarming (TEU L 239 av 6.9.2013, s. 136).

<sup>(2)</sup> Kommisjonsforordning (EU) 2015/1189 av 28. april 2015 om gjennomføring av europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/125/EF med hensyn til krav til miljøvennlig utforming av kjelar for fast brensel (TEU L 193 av 21.7.2015, s. 100).



**Kriterium 38. Kjøp av elektrisk kraft frå ein leverandør som nyttar fornybare energikjelder (opp til 4 poeng)**

- a) Overnattingsstaden skal inngå avtale om ein individuell elektrisitetstariff der 100 % (den samla energimiksen som leverandøren marknadsfører, eller produktenergimiksen til den avtalte tariffen) av den elektriske krafta skal kome frå fornybare energikjelder, slik det er definert i direktiv 2009/28/EF (3 poeng), og er sertifisert gjennom eit miljømerke for elektrisk kraft (4 poeng).
- b) Alternativt kan 100 prosent miljømerkesertifisert elektrisk kraft frå fornybare energikjelder òg skaffast gjennom separat kjøp av opphavsgarantiar jf. definisjonen i artikkel 2 bokstav j) i direktiv 2009/28/EF (3 poeng).

Med omsyn til dette kriteriet skal miljømerket for elektrisk kraft oppfylle følgjande vilkår:

- 1) Standarden til miljømerket skal kontrollerast av ein uavhengig organisasjon (tredjemann).
- 2) Den sertifiserte elektriske krafta som vert kjøpt, skal kome frå ny kapasitet ved anlegg for fornybar energi som er installert i løpet av dei siste to åra, eller ein del av inntektene frå den sertifiserte elektriske krafta skal nyttast til å fremje investering i ny kapasitet til produksjon av fornybar energi.

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn frå (eller ei avtale med) leverandøren av elektrisk kraft som viser kva type fornybar(e) energikjelde(r) det dreier seg om, kor mange prosent av den leverte elektriske krafta som kjem frå ei fornybar kjelde, og dersom det er relevant, at 100 % av den elektriske krafta som er kjøpt, er sertifisert eller tildelt eit miljømerke som er sertifisert av tredjemann. Med omsyn til kravet i bokstav b) skal i tillegg leverandøren av opphavsgarantiane leggje fram fråsegner om at vilkåra i kriterium 12 bokstav a) er oppfylte.

**Kriterium 39. Eigenproduksjon på staden av elektrisk kraft frå fornybare energikjelder (opp til 5 poeng)**

Overnattingsstaden skal produsere elektrisk kraft på staden frå fornybare energikjelder i samsvar med definisjonen i artikkel 2 bokstav a) i direktiv 2009/28/EF, som kan omfatte solenergi (solcellepanel) eller lokal vasskraft, geotermisk energi, lokal biomasse eller vindkraft, som produserer

- a) minst 10 % av det samla elektrisitetsforbruket per år (1 poeng),
- b) minst 20 % av det samla elektrisitetsforbruket per år (3 poeng),
- c) minst 50 % av det samla elektrisitetsforbruket per år (5 poeng).

For føremåla med dette kriteriet skal lokal biomasse reknast for å vere biomasse frå ei kjelde som ligg innanfor ein radius på 160 kilometer frå overnattingsstaden.

Dersom eigenproduksjonen av elektrisk kraft frå fornybare energikjelder fører til utferding av opphavsgarantiar, skal eigenproduksjonen berre takast med i utrekninga dersom opphavsgarantiane ikkje kjem ut på marknaden, men går med til å dekkje det lokale forbruket.

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med dokumentasjon om solcelle-, vasskraft-, geotermi-, biomasse- eller vindkraftanlegget og opplysningar om den faktiske effekten til anlegget. Dersom det vert nytta lokal biomasse, skal søkjaren leggje fram prov på den lokale tilgangen på biomasse (t.d. ein kontrakt med ein biomasseleverandør). Dersom det vert nytta eit vasskraftanlegg, skal søkjaren i tillegg leggje fram gyldig løyve/godkjenning/konsesjon i tråd med gjeldande nasjonale lover og forskrifter. Utrekninga av prosentdelen av den eigenproduserte elektriske krafta i høve til det samla forbruket året før søknadsåret, kan nyttast til å vise evna til å oppfylle dette kriteriet.

**Kriterium 40. Varmeenergi frå fornybare energikjelder (opp til 3,5 poeng)**

- a) Minst 70 % av den samla energien som vert nytta til oppvarming eller kjøling av rom (1,5 poeng) og/eller til å varme opp vatn for sanitært bruk (1 poeng), skal kome frå fornybare energikjelder i samsvar med definisjonen i artikkel 2 bokstav a) i direktiv 2009/28/EF.
- b) 100 % av den samla energien som vert nytta til oppvarming eller kjøling av rom (2 poeng) og/eller til å varme opp vatn for sanitært bruk (1,5 poeng), skal kome frå fornybare energikjelder i samsvar med definisjonen i artikkel 2 bokstav a) i direktiv 2009/28/EF.

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med opplysningar om energiforbruket og dokumentasjon som viser at minst 70 % eller 100 % av denne energien kjem frå fornybare energikjelder.

**Kriterium 41. Oppvarming av symjebasseng (opp til 1,5 poeng)**

- a) Minst 50 % av den samla energien som vert nytta til å varme opp vatn i symjebasseng, skal kome frå fornybare energikjelder i samsvar med definisjonen i artikkel 2 bokstav a) i direktiv 2009/28/EF (1 poeng).
- b) Minst 95 % av den samla energien som vert nytta til å varme opp vatn i symjebasseng, skal kome frå fornybare energikjelder i samsvar med definisjonen i artikkel 2 bokstav a) i direktiv 2009/28/EF (1,5 poeng).

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med opplysningar om energiforbruket til oppvarming av vatn i symjebasseng, og dokumentasjon som viser kor stor del av den nytta energien som kjem frå fornybare energikjelder.

VATN

**Kriterium 42. Effektive vassarmaturar: baderomsarmaturar og dusjar (opp til 4 poeng)**

- a) Den gjennomsnittlege vassmengdstraumen skal ikkje overstige høvesvis 7 liter/minutt for dusjar og 6 liter/minutt for baderomsarmaturar (bortsett frå badekar) (2 poeng).
- b) Minst 50 % av baderomsarmaturane og dusjane (avrunda til nærmaste heiltal) skal vere tildelte EU-miljømerket i samsvar med avgjerd 2013/250/EU, eller eit anna ISO type I-merke (2 poeng).

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med relevant dokumentasjon, medrekna ei utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet (t.d. bruk av strøymingsmålar eller ei lita bømte og ei klokke). Sanitære tappearmaturprodukt med EU-miljømerket eller produkt som ber andre ISO type I-merke som oppfyller krava ovanfor, skal reknast for å oppfylle kriteriet. Dersom det vert nytta sanitære tappearmaturprodukt som er tildelte EU-miljømerket, skal søkjaren leggje fram ein kopi av EU-miljømerkesertifikatet eller av etiketten på emballasjen som viser at merket vart tildelt i samsvar med avgjerd 2013/250/EU. Dersom det vert nytta produkt med andre type I-merke, skal søkjaren leggje fram ein kopi av sertifikatet for ISO type I-merket eller av etiketten på emballasjen.

**Kriterium 43. Effektive vassarmaturar: klosett og urinal (opp til 4,5 poeng)**

- a) I alle urinalane skal det nyttast eit system utan vatn (1,5 poeng).
- b) Minst 50 % av urinalane (avrunda til nærmaste heiltal) skal vere tildelte EU-miljømerket i samsvar med avgjerd 2013/641/EU, eller eit anna ISO type I-merke (1,5 poeng).
- c) Minst 50 % av klosetta (avrunda til nærmaste heiltal) skal vere tildelte EU-miljømerket i samsvar med avgjerd 2013/641/EU, eller eit anna ISO type I-merke (1,5 poeng).

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon. Vassklosett og urinal med EU-miljømerket eller produkt som ber andre ISO type I-merke som oppfyller krava ovanfor, skal reknast for å oppfylle kriteriet. Dersom det vert nytta vassklosett og urinal som er tildelte EU-miljømerket, skal søkjaren leggje fram ein kopi av EU-miljømerkesertifikatet eller av etiketten på emballasjen som viser at merket vart tildelt i samsvar med avgjerd 2013/641/EU. Dersom det vert nytta produkt som ber andre ISO type I-merke, skal søkjaren leggje fram ein kopi av sertifikatet for type I-merket eller av etiketten på emballasjen.

**Kriterium 44. Vassforbruket til oppvaskmaskiner (2,5 poeng)**

Vassforbruket til oppvaskmaskinene skal vere lågare enn eller lik dei terskelverdiane som er oppførte i tabellen nedanfor, målt i samsvar med standarden EN 50242, og ved bruk av standardoppvasksyklusen.

Produktundergruppe	Vassforbruk (Wt) (liter/syklus)
Hushaldsoppvaskmaskiner med 15 kuvertar	10
Hushaldsoppvaskmaskiner med 14 kuvertar	10
Hushaldsoppvaskmaskiner med 13 kuvertar	10
Hushaldsoppvaskmaskiner med 12 kuvertar	9
Hushaldsoppvaskmaskiner med 9 kuvertar	9
Hushaldsoppvaskmaskiner med 6 kuvertar	7
Hushaldsoppvaskmaskiner med 4 kuvertar	9,5

*Merknad:* Dette kriteriet gjeld berre for hushaldsoppvaskmaskiner som kjem inn under kommisjonsforordning (EU) nr. 1016/2010<sup>(1)</sup>.

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram tekniske spesifikasjonar frå produsenten eller dei faglærde teknikarane som er ansvarlege for installering, sal eller vedlikehald av oppvaskmaskinene. Dersom berre det årlege forbruket vert lagt fram, skal det samla talet på standardoppvasksyklusar per år reknast for å vere 280.

**Kriterium 45. Vassforbruket til vaskemaskiner (3 poeng)**

Vaskemaskinene som vert nytta av gjester og personale på overnattingsstaden eller av vaskeriet deira, skal oppfylle minst eitt av dei følgjande krava:

- a) Vassforbruket til hushaldsvaskemaskinene skal vere lågare enn eller lik dei terskelverdiane som er oppførte i tabellen nedanfor, målt i samsvar med standarden EN 60456, og ved bruk av standardvaskesyklusen (bomull ved 60 °C):

Produktundergruppe	Vassforbruk: [liter/syklus]
Hushaldsvaskemaskiner med ein nominell kapasitet på 3 kg	39
Hushaldsvaskemaskiner med ein nominell kapasitet på 3,5 kg	39

<sup>(1)</sup> Kommisjonsforordning (EU) nr. 1016/2010 av 10. november 2010 om gjennomføring av europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/125/EF med omsyn til krav til miljøvenleg utforming av hushaldsoppvaskmaskiner (TEU L 293 av 11.11.2010, s. 31).

Produktundergruppe	Vassforbruk: [liter/syklus]
Hushaldsvaskemaskiner med ein nominell kapasitet på 4,5 kg	40
Hushaldsvaskemaskiner med ein nominell kapasitet på 5 kg	39
Hushaldsvaskemaskiner med ein nominell kapasitet på 6 kg	37
Hushaldsvaskemaskiner med ein nominell kapasitet på 7 kg	43
Hushaldsvaskemaskiner med ein nominell kapasitet på 8 kg	56

- b) Kommersielle vaskemaskiner eller vaskemaskiner til yrkesbruk skal ha eit gjennomsnittleg vassforbruk på  $\leq 7$  l per kg vasketøy.

*Merknad:* Dette kriteriet gjeld berre for hushaldsvaskemaskiner som kjem inn under kommisjonsforordning (EU) nr. 1015/2010<sup>(1)</sup>.

#### *Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram tekniske spesifikasjonar frå produsenten eller dei faglærde teknikarane som er ansvarlege for installering, sal eller vedlikehald av vaskemaskinene. Når det gjeld etterlevinga av bokstav a), skal det samla talet på standardvaskesyklusar per år reknast for å vere 220 dersom berre det årlege forbruket vert lagt fram.

#### **Kriterium 46. Opplysningar om hardt vatn (opp til 1,5 poeng)**

Søkjaren skal oppfylle minst eitt av dei følgjande krava:

- I nærleiken av sanitære lokale / vaskemaskiner / oppvaskmaskiner skal det finnast opplysningar om kor hardt det lokale vatnet er, slik at gjester og personale kan nytte vaske- og oppvaskmiddel på best mogleg måte (0,5 poeng).
- Det skal nyttast eit automatisk doseringssystem som optimerer bruken av vaske- og oppvaskmidla i høve til vasshardleiken, i vaskemaskiner/oppvaskmaskiner som vert nytta av gjester og personale på overnattingsstaden (1,5 poeng).

#### *Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med relevant dokumentasjon som viser korleis gjestene vert informerte, eller relevant informasjon om det automatiske doseringssystemet som vert nytta.

#### **Kriterium 47. Optimert ettersyn av symjebasseng (opp til 2,5 poeng)**

- Oppvarma symjebasseng og utandørs boblebad skal dekkjast til om natta. Symjebasseng og utandørs boblebad som ikkje er oppvarma, skal dekkjast til når dei ikkje vert nytta i meir enn eit døgn, for å redusere fordampinga (1 poeng).
- Symjebasseng og utandørs boblebad skal ha eit automatisk system som optimerer klorforbruket gjennom optimert dosering, eller det skal nyttast desinfeksjonsmetodar i tillegg, til dømes ozonering og UV-handsaming (0,5 poeng), eller dei skal vere av ein type som nyttar naturlege, plantebaserte filtreringssystem til å reinse vatnet for å oppnå den påkravde hygienestandarden (1,5 poeng).

#### *Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon (t.d. bilete som viser det tildekte bassenget, det automatiske doseringssystemet eller bassengtypen, eller den dokumenterte framgangsmåten for bruk av det automatiske doseringssystemet).

<sup>(1)</sup> Kommisjonsforordning (EU) nr. 1015/2010 av 10. november 2010 om gjennomføring av europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/125/EF med omsyn til krav til miljøvenleg utforming av hushaldsvaskemaskiner (TEU L 293 av 11.11.2010, s. 21).

**Kriterium 48. Resirkulering av regnvatn og gråvatn (opp til 3 poeng)**

Overnattingsstaden skal nytte følgjande alternative vasskjelder til andre føremål enn sanitær bruk og drikkevatt:

- i) Resirkulert vatn eller gråvatn frå vaskemaskiner og/eller dusjar og/eller handvaskar (1 poeng).
- ii) Oppsamla regnvatn frå taket (1 poeng).
- iii) Kondens frå HVAC-system (1 poeng).

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med bilete som viser alternative vassdistribusjonssystem, og høveleg dokumentasjon på at vassforsyninga til sanitær bruk og drikkevatt vert halde heilt åtskild.

**Kriterium 49. Effektiv vatning (1,5 poeng)**

Søkjaren skal oppfylle minst eitt av dei følgjande krava:

- a) Overnattingsstaden skal ha ein dokumentert framgangsmåte for vatning av utandørsområde og -planter, medrekna opplysningar om korleis vatningstidene er vortne optimerte og vassforbruket minimert. Dette kan til dømes innebære at utandørsområde ikkje vert vatna (1,5 poeng).
- b) Overnattingsstaden skal nytte eit automatisk system som optimerer vatningstidene og vassforbruket til utandørsområde og -planter (1,5 poeng).

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon med opplysningar om det dokumenterte systemet eller den dokumenterte framgangsmåten for vatning eller med bilete av det automatiske vatningssystemet.

**Kriterium 50. Lokalt heimehøyrande eller ikkje-invaderande framande artar til planting utandørs (opp til 2 poeng)**

I det tidsrommet som EU-miljømerket gjeld for, skal plantene i utandørsområda, medrekna alle vassplanter, vere av lokalt heimehøyrande og/eller ikkje-invaderande framande artar:

- i) Fråvær av invaderande framande artar som EU reknar som problematiske (0,5 poeng) (andre invaderande framande artar er tillatne).
- ii) Berre ikkje-invaderande framande artar (1 poeng).
- iii) Lokalt heimehøyrande og/eller ikkje-invaderande framande artar (1,5 poeng).
- iv) Berre lokalt heimehøyrande artar (2 poeng).

For føremåla med dette EU-miljømerket tyder lokalt heimehøyrande artar planteartar som finst naturleg i landet.

For føremåla med dette EU-miljømerket tyder ikkje-invaderande artar planteartar som ikkje finst naturleg i landet, og som det ikkje finst noko prov for at lett formeirar seg, etablerer seg og spreier seg eller har negativ innverknad på det lokale biologiske mangfaldet.

Til planting utandørs skal det ikkje nyttast invaderande framande artar som EU reknar som problematiske i medhald av artikkel 3 nr. 3 i europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 1143/2014<sup>(1)</sup>.

<sup>(1)</sup> Europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 1143/2014 av 22. oktober 2014 om forebygging og håndtering av innføring og spredning av invaderende fremmede arter (TEU L 317 av 4.11.2014, s. 35).

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram relevante spesifikasjonar for korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon frå ein sakkunnig.

## AVFALL OG SPILLVATN

**Kriterium 51. Papirprodukt (opp til 2 poeng)**

90 % av følgjande kategoriar papirprodukt som vert nytta, skal vere tildelte EU-miljømerket eller andre ISO type I-merke (0,5 poeng for kvar av dei følgjande kategoriane, opp til høgst 2 poeng):

- a) Toalettpapir.
- b) Mjukpapir.
- c) Kontorpapir.
- d) Papir med trykk.
- e) Konvertert papir (t.d. konvoluttar).

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram opplysningar og dokumentasjon (medrekna relevante fakturaer) som viser mengda av slike produkt som vert nytta, og kor mange av dei som har fått tildelt eit miljømerke. Dersom det vert nytta produkt som er tildelte EU-miljømerket, skal søkjaren leggje fram ein kopi av EU-miljømerkesertifikatet eller av etiketten på emballasjen som viser at merket vart tildelt i samsvar med kommisjonsavgjerd 2014/256/EU<sup>(1)</sup>, kommisjonsavgjerd 2012/481/EU<sup>(2)</sup>, kommisjonsavgjerd 2011/333/EU<sup>(3)</sup> eller kommisjonsvedtak 2009/568/EF<sup>(4)</sup>. Dersom det vert nytta produkt som ber andre ISO type I-merke, skal søkjaren leggje fram ein kopi av sertifikatet for type I-merket eller av etiketten på emballasjen.

**Kriterium 52. Varige varer (opp til 4 poeng)**

Minst 40 % (avrunda til nærmaste heiltal) av minst éin av dei følgjande kategoriane av varige varer som finst på overnattingsstaden, skal vere tildelte EU-miljømerket eller andre ISO type I-merke (1 poeng for kvar kategori, opp til høgst 4 poeng):

- a) Sengetøy, handkle og dukar.
- b) Datamaskiner.
- c) Fjernsynsapparat.
- d) Madrassar.
- e) Tremøblar.

<sup>(1)</sup> Kommisjonsbeslutning 2014/256/EU av 2. mai 2014 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av EU-miljømerket til produkter av konvertert papir (TEU L 135 av 8.5.2014, s. 24).

<sup>(2)</sup> Kommisjonsbeslutning 2012/481/EU av 16. august 2012 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av EU-miljømerket til papir med trykk (TEU L 223 av 21.8.2012, s. 55).

<sup>(3)</sup> Kommisjonsbeslutning 2011/333/EU av 7. juni 2011 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av EU-miljømerket til kopieringspapir og grafisk papir (TEU L 149 av 8.6.2011, s. 12).

<sup>(4)</sup> Kommisjonsvedtak 2009/568/EF av 9. juli 2009 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av fellesskapsmiljømerket til myktpapir (TEU L 197 av 29.7.2009, s. 87).

- f) Støvsugarar.
- g) Golvdekke.
- h) Bilethandsamingsutstyr.

#### *Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram opplysningar og dokumentasjon som viser mengda av slike produkt som tilhøyrrer overnattingsstaden, og kor mange av dei som har fått tildelt eit miljømerke. Dersom det vert nytta produkt som er tildelte EU-miljømerket, skal søkjaren leggje fram ein kopi av EU-miljømerkesertifikatet eller av etiketten på emballasjen som viser at merket vart tildelt i samsvar med kommisjonsavgjerd 2014/350/EU<sup>(1)</sup>, kommisjonsvedtak 2009/300/EF<sup>(2)</sup>, kommisjonsavgjerd 2014/391/EU<sup>(3)</sup>, kommisjonsvedtak 2010/18/EF<sup>(4)</sup>, kommisjonsavgjerd (EU) 2016/1332<sup>(5)</sup> eller kommisjonsvedtak 2009/607/EF<sup>(6)</sup>. Dersom det vert nytta produkt som ber andre ISO type I-merke, skal søkjaren leggje fram ein kopi av sertifikatet for type I-merket eller av etiketten på emballasjen.

#### **Kriterium 53. Tilbod av drikkar (2 poeng)**

Dersom det vert tilbode drikkar (t.d. i barar/restaurantar, butikkar og salsautomatar) på område som er eigde eller vert forvalta direkte av overnattingsstaden, skal minst 50 % (1 poeng) eller 70 % (2 poeng) av drikkane vere i returbeholdarar eller behaldarar som kan nyttast fleire gonger.

#### *Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, eventuelt saman med høveleg utfyllande dokumentasjon.

#### **Kriterium 54. Innkjøp av vaske-, reingjerings- og oppvaskmiddel og toalettartiklar (opp til 2 poeng)**

Minst 80 % av innkjøpt volum eller vekt av minst éin av dei følgjande kategoriane av vaske-, reingjerings- og oppvaskmiddel og toalettartiklar som vert nytta av overnattingsstaden, skal vere tildelte EU-miljømerket eller andre ISO type I-merke (0,5 poeng for kvar kategori, opp til høgst 2 poeng):

- a) Handoppvaskmiddel.
- b) Maskinoppvaskmiddel.
- c) Tekstilvaskemiddel.
- d) Allreingjeringsmiddel.
- e) Sanitærreingjeringsmiddel.
- f) Såper og sjampoar.
- g) Hårbalsam.

<sup>(1)</sup> Kommisjonsbeslutning 2014/350/EU av 5. juni 2014 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av EU-miljømerket til tekstilprodukter (TEU L 174 av 13.6.2014, s. 45).

<sup>(2)</sup> Kommisjonsvedtak 2009/300/EF av 12. mars 2009 om fastsetjing av reviderte miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til fjernsyn (TEU L 82 av 28.3.2009, s. 3).

<sup>(3)</sup> Kommisjonsavgjerd 2014/391/EU av 23. juni 2014 om fastsetjing av miljøkriterier for tildeling av EU-miljømerket til madrassar (TEU L 184 av 25.6.2014, s. 18).

<sup>(4)</sup> Kommisjonsvedtak 2010/18/EF av 26. november 2009 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av fellesskapsmiljømerket til gulvbelegg av tre (TEU L 8 av 13.1.2010, s. 32).

<sup>(5)</sup> Kommisjonsbeslutning (EU) 2016/1332 av 28. juli 2016 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av EU-miljømerket til møbler (TEU L 210 av 4.8.2016, s. 100).

<sup>(6)</sup> Kommisjonsvedtak 2009/607/EF av 9. juli 2009 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av fellesskapsmiljømerket til harde dekker (TEU L 208 av 12.8.2009, s. 21).

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram opplysningar og dokumentasjon som viser mengda av slike produkt som tilhøyrrer overnattingsstaden, og kor mange av dei som har fått tildelt eit miljømerke. Dersom det vert nytta produkt som er tildelte EU-miljømerket, skal søkjaren leggje fram ein kopi av EU-miljømerkesertifikatet eller av etiketten på emballasjen som viser at merket vart tildelt i samsvar med kommisjonsavgjerd 2011/382/EU<sup>(1)</sup>, kommisjonsavgjerd 2011/263/EU<sup>(2)</sup>, kommisjonsavgjerd 2011/264/EU<sup>(3)</sup>, kommisjonsavgjerd 2011/383/EU<sup>(4)</sup> eller kommisjonsavgjerd 2014/893/EU<sup>(5)</sup>. Dersom det vert nytta produkt som ber andre ISO type I-merke, skal søkjaren leggje fram ein kopi av sertifikatet for type I-merket eller av etiketten på emballasjen.

**Kriterium 55. Minimering av bruken av reingjeringsmiddel (1,5 poeng)**

Overnattingsstaden skal ha nøye fastlagde framgangsmåtar for effektiv bruk av reingjeringsmiddel, til dømes bruk av mikrofiberprodukt eller andre reingjeringsmateriale med same verknader, og reingjering med vatn eller ved hjelp av andre reingjeringsmetodar med liknande verknader. For å oppfylle dette kriteriet må all reingjering utførast med ein metode som byggjer på effektiv bruk av reingjeringsmiddel, bortsett frå der det i medhald av lovgjevinga eller av hygiene-, helse- og tryggleiksgrunnar krevst noko anna.

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, eventuelt saman med høveleg utfyllande dokumentasjon (t.d. kopi av framgangsmåtar, tekniske opplysningar om produkta som vert nytta).

**Kriterium 56. Avising (1 poeng)**

Dersom det er naudsynt med avising av vegar, og dette vert utført av overnattingsstaden, skal mekaniske metodar, sand/grus eller avisingsmiddel som er tildelte eit ISO type I-merke, nyttast for å gjere vegane på området til overnattingsstaden trygge i tilfelle is eller snø.

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon. Dersom det vert nytta avisingsprodukt som er tildelte eit ISO type I-merke, skal søkjaren leggje fram ein kopi av sertifikatet for produktetiketten eller av etiketten på emballasjen.

**Kriterium 57. Brukte tekstilar og møblar (opp til 2 poeng)**

Overnattingsstaden skal ha ein framgangsmåte for følgjande:

- a) All donasjon av møblar og tekstilar som ikkje lenger vert nytta på overnattingsstaden, men som framleis er brukbare. Sluttbrukarane kan vere tilsette og velgjerdsorganisasjonar eller andre organisasjonar som samlar inn og deler ut att slike varer (1 poeng).
- b) Alle innkjøp av ombruksmøblar/brukt møblar. Leverandørane kan vere bruktmærknader eller andre organisasjonar/samvirke som sel eller deler ut att bruktvare (1 poeng).

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon, til dømes ein skriftleg framgangsmåte som omfattar kontaktopplysningane til sluttbrukaren, kvitteringar og dokumentasjon for bruktvare eller varer som er donerte, osv.

<sup>(1)</sup> Kommisjonsbeslutning 2011/382/EU av 24. juni 2011 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av EU-miljømerket til håndoppvaskemiddel (TEU L 169 av 29.6.2011, s. 40).

<sup>(2)</sup> Kommisjonsavgjerd 2011/263/EU av 28. april 2011 om fastsetjing av miljøkriterier for tildeling av EU-miljømerket til maskinoppvaskemiddel (TEU L 111 av 30.4.2011, s. 22).

<sup>(3)</sup> Kommisjonsavgjerd 2011/264/EU av 28. april 2011 om fastsetjing av miljøkriterier for tildeling av EU-miljømerket til tekstilvaskemiddel (TEU L 111 av 30.4.2011, s. 34).

<sup>(4)</sup> Kommisjonsbeslutning 2011/383/EU av 28. juni 2011 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av EU-miljømerket til allrengjeringsmiddel og sanitærrengjeringsmiddel (TEU L 169 av 29.6.2011, s. 52).

<sup>(5)</sup> Kommisjonsbeslutning 2014/893/EU av 9. desember 2014 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av EU-miljømerket til kosmetiske produkter som skylles av (TEU L 354 av 11.12.2014, s. 47).



**Kriterium 58. Kompostering (opp til 2 poeng)**

Overnattingsstaden skal sortere minst éin av følgjande relevante avfallskategoriar og sikre at avfallet vert kompostert eller nytta til produksjon av biogass i samsvar med retningslinjer frå lokale styresmakter (t.d. av den lokale forvaltinga, overnattingsstaden sjølv eller ei privat verksemd) (1 poeng for kvar kategori, opp til høgst 2 poeng):

- a) Hageavfall.
- b) Matavfall etter måltid.
- c) Biologisk nedbrytelege produkt (t.d. eingongsartiklar laga av maisbasert materiale).
- d) Biologisk nedbryteleg avfall som gjestene legg att på rommet/overnattingsstaden.

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, eventuelt saman med høveleg utfyllande dokumentasjon.

**Kriterium 59. Reinsing av spillvatn (opp til 3 poeng)**

- a) Dersom overnattingsstaden tilbyr bilvask, skal slik vask tillatast berre i område som er særskilt utstyrte for å samle opp vatn og reingjeringsmiddel som vert nytta, slik at dette kan førast ut i avløpssystemet (1 poeng).
- b) Dersom det ikkje er mogleg å sende spillvatnet til eit sentralt reinseanlegg, skal reinsing av spillvatn på staden omfatte førehandsaming (siling/filtrering, utjamning og sedimentering) følgd av biologisk handsaming med > 95 % fjerning av biokjemisk oksygenforbruk, > 90 % nitrifikasjon og (ekstern) anaerob nedbryting av overskotsslam (2 poeng).

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kravet er oppfylt, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon (t.d. bilete i samband med krav a) og tekniske spesifikasjonar frå produsenten eller dei faglærde teknikarane som er ansvarlege for installering, sal eller vedlikehald av spillvatnsystemet i samband med krav b)).

## ANDRE KRITERIUM

**Kriterium 60. Røykjeforbod på romma (1 poeng)**

Det skal vere røykjeforbod på gjesterom eller i overnattingseiningar til utleige.

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, og dokumentasjon i form av til dømes bilete av skilta innandørs på romma eller i overnattingseiningane til utleige.

**Kriterium 61. Velferdsplan (opp til 2 poeng)**

Overnattingsstaden skal ha ein skriftleg velferdsplan for å sikre minst eitt av følgjande sosiale gode for personalet (0,5 poeng for kvart gode, opp til høgst 2 poeng):

- a) Fri frå arbeidet til utdanning.
- b) Gratis måltid eller matkupongar.
- c) Gratis uniformer og arbeidsklede.
- d) Rabatt på produkt/tenester på overnattingsstaden.
- e) Subsidiert ordning for berekraftig transport.
- f) Garanti for bustadlån.

Den skriftlege velferdsplanen skal oppdaterast og leggjast fram for personalet kvart år. Personalet skal underteikne den skriftlege velferdsplanen når han vert lagd fram. Dokumentet skal vere tilgjengeleg i resepsjonen for alle tilsette.

#### *Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ein kopi av den skriftlege velferdsplanen, tilbørleg underteikna av personalet, og skal sjølv leggje fram ei fråsegn om korleis kravet er oppfylt. I tillegg kan det rette organet be om dokumentasjon og/eller direkteintervju med tilfeldig utvalde tilsette i samband med vitjingar på staden.

#### **Kriterium 62. Køyretøy til vedlikehald (1 poeng)**

Motorvogner med forbrenningsmotor skal ikkje nyttast til vedlikehald av overnattingsstaden (1 poeng).

#### *Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon.

#### **Kriterium 63. Tilbod om miljøvenlege transportmiddel (opp til 2,5 poeng)**

- a) Overnattingsstaden skal tilby gjestene minst eitt av følgjande miljøvenlege transportmiddel (1 poeng kvar, opp til høgst 2 poeng):
  - i) Elektriske køyretøy til henting av eller bruk for gjester.
  - ii) Straumuttak (ladestasjon) for elektriske køyretøy.
  - iii) Minst ein sykkel per fem teltplassar, overnattingsseiningar til utleige eller rom.
- b) Overnattingsstaden skal ha aktive partnerskap med føretak som stiller til rådvelde elektriske køyretøy eller sykklar (0,5 poeng). «Aktivt partnerskap» tyder ein avtale mellom ein overnattingsstad og eit føretak som leiger ut elektriske køyretøy eller sykklar. Informasjon om det aktive partnerskapet skal vere synleg på staden. Dersom utleigeføretaket ikkje er plassert på overnattingsstaden, skal det gjerast visse praktiske tiltak (t.d. kan eit sykkelutleigeføretak levere sykklar til overnattingsstaden).

#### *Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon og all informasjon som skal gjevast til gjestene.

#### **Kriterium 64. Overflater utan dekke (1 poeng)**

Minst 90 % av det utandørsområdet som vert forvalta av overnattingsstaden, skal vere fritt for asfalt, sement eller andre dekkingsmateriale som hindrar god drenering og lufting av jorda.

Dersom det vert samla opp regnvatn og gråvatn, skal det regnvatnet og gråvatnet som ikkje vert nytta, reinsast og infiltrerast i jorda.

#### *Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon.

**Kriterium 65. Lokale og økologiske produkt (opp til 4 poeng)**

- a) Det skal finnast tilbod om minst to lokale matvarer som det er sesong for (fersk frukt og ferske grønsaker) til kvart måltid, medrekna frukost (1 poeng).
- b) Overnattingsstaden skal aktivt velje lokale leverandørar av varer og tenester (1 poeng).
- c) Minst to produkt (1 poeng) eller fire produkt (2 poeng) som vert nytta i den daglege matlaginga, eller som vert selde av overnattingsstaden, skal vere framstilte etter økologiske landbruksmetodar slik det er fastsett i rådsforordning (EF) nr. 834/2007<sup>(1)</sup>.

For føremåla med dette kriteriet tyder «lokal» det området som ligg innanfor ein radius på 160 kilometer frå overnattingsstaden.

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kravet er oppfylt, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon. Dersom det vert nytta økologiske produkt, skal søkjaren leggje fram ein kopi av produktsertifikatet eller av etiketten på emballasjen som viser at sertifikatet vart tildelt i samsvar med forordning (EF) nr. 834/2007. I ein del statar er det mogleg for restaurantar og hotell å verte sertifiserte under visse merkingsordningar dersom dei berre nyttar økologiske produkt. Dersom ein overnattingsstad vert sertifisert under slike ordningar, kan informasjon om dette leggjast fram som prov på at dette kriteriet er oppfylt.

**Kriterium 66. Unngå bruk av pesticid (2 poeng)**

Utandørsområde som vert forvalta av overnattingsstaden, skal stellast utan bruk av pesticid.

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden unngår skadedyr og steller utandørsområda. Dette skal kontrollerast under vitjinga på staden.

**Kriterium 67. Andre miljøtiltak og sosiale tiltak (opp til 3 poeng)**

Leiinga ved overnattingsstaden skal gjere tiltak i tillegg til dei som er fastsette i form av kriterium i dette avsnittet eller i avsnitt A, for å betre miljøprestasjonen og den sosiale prestasjonen til overnattingsstaden:

- a) Andre miljøtiltak (opp til 0,5 poeng kvar, opp til høgst 2 poeng),  
og/eller
- b) andre sosiale tiltak (opp til 0,5 poeng kvar, opp til høgst 1 poeng).

*Vurdering og kontroll*

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med ei fullstendig utgreiing (medrekna dokumenterte miljømessige eller sosiale gode i samband med tiltaka) om kvart tilleggstiltak som søkjaren ønskjer at det skal takast omsyn til.

---

<sup>(1)</sup> Rådsforordning (EF) nr. 834/2007 av 28. juni 2007 om økologisk produksjon og merking av økologiske produkter og om oppheving av forordning (EØF) nr. 2092/91 (TEU L 189 av 20.7.2007, s. 1).